



Årsrapport 2001



Optimisme og pågangsmot pregar
dei tilsette, trass omstilling og nye
krav.

Tur i Flåmsdalen juni 2001.

Foto: Monrad Kolstad

Føreord

Folk bur i kommunane. Vi har nå ein kommunesektor som slit med for store driftskostnader og som samstundes har teke bort det meste av utviklingspersonell. Det er kommunar som har folketalsnedgang og der talet på dei yngste og eldste aukar, medan dei yrkesaktive blir færre. Kommunar har i stor grad lagt ned grendeskular, men spørsmålet er når avstandsulempene blir for store.

Men vi står også med kommunar som ikkje lenger er isolerte, men som i aukande grad har måtte ta innover seg dei felles nasjonale problema som botnar i rus, auka krav og einsemd.

For det som politikarane kalla for trivselsfylket, har det kome ein barsk kvardag med mindre inntekter, men større oppgåver. Med færre øyremerka midlar og fleire rettar for innbyggjarane, gir det utfordringar til stramme kommunebudsjett.

Truleg står vi på terskelen til store endringar i den komande ti-årsperioden. Fylkesmannen skal vere regjering og departement sin forlenga arm i fylket. Vi skal også rapportere til dei same styresmakter om dei utfordringar som vi ser. Derfor har vi på ulike vis teke dei kommunale utfordringane opp med både det politiske og administrative nivået, men vi tykkjест i liten grad å nå fram.

Årsrapporten skal imidlertid ta for seg korleis embetet fungerer. Og vi klarer oss bra: Vi er eit lite, men vel fungerande embete med mange kvalitetar. Trass i knappe – og stadig strammare – økonomiske rammer, meiner vi å oppfylle forventningane frå oppdragsgjevarar og brukarar på ein rimeleg god måte.

Vi har m.a.

- kompetent og stabil arbeidsstokk, lågt sjukefråvær
- god budsjettkontroll
- sakshandsaming innan gitt fristar, på nokre område kortare fristar
- tilsynsaktivitet i tråd med sentrale krav, med få unntak
- aktiv dialog med og rettleiingsfunksjon overfor kommunane
- godt samarbeid med andre statlege etatar og Fylkeskommunen
- prosjekt- og utviklingsarbeid – m.a. innan IKT, samhandling mellom kommunar og statleg etatar, offentlege servicekontor, naturbruk og bygdeutvikling
- Norge.no og Opplysningsstenesta i staten, som fungerer svært godt

Det er viktig for oss å halde oppe det gode, kreative og produktive miljøet vi har, m.a. gjennom høve til kompetanseutvikling og anna utviklingsarbeid, og gjennom prioritering av kvalitet og effektivitet i sakshandsaminga.

For å få dette til må også dei fysiske føresetnadane vere på plass – og det vi mest av alt treng i 2002, er klarsignal om bygging av nytt Statens Hus i Leikanger. Det er ein føresetnad for å kunne samle og få mest mogleg effekt av det ”nye” embetet, som frå 2003 omfattar også Fylkeslegen og Statens utdanningskontor. Frå komande årsskiftet er vi lokalisert i 5 ulike bygg av varierande kvalitet. Det er vanskeleg å drive samordning ut frå slike fysiske føresetnader.

Denne årsrapporten er først og fremst til bruk for våre oppdragsgjevarar; departement og direktorat, men vert også distribuert til samarbeidspartar i fylket, samt lagt ut på IDUN.

Oddvar Flæte

Leikanger 18.2.02

0. Innleiing.....	4
1. Måloppnåing	5
1.1. Overordna mål og strategiar	5
2. Viktige utfordringar for embetet i 2001.....	6
2.1. Styringsdialogen med kommunane og kommuneøkonomi	7
2.2. Tilsyn, kontroll og rettstryggleik.....	7
2.3. Velferd og personretta tenesteyting.....	8
2.4. Regional planlegging og arealpolitikk	8
2.5. Nærings- og regionalutvikling	9
2.6. Beredskap	9
2.7. Vesentlege endringar i oppgåveporteføljen.....	10
3. Årsrapportar frå dei enkelte resultatområda.....	11
3.1. Miljøvernnavdelinga	11
3.3. Administrasjonsavdelinga	19
3.4. Kommunalavdelinga	20
4. Ressursbruk	32
4.1. Samla for embetet.....	32
4.2. Leiing, administrasjons- og communalavdelinga	33
4.3. Miljøvernnavdelinga	35
4.4. Landbruksavdelinga	36
Vedlegg	37
Oppfølging serviceerklæringa pr. 31.12. 2001	37
Rapportering pr resultatområde for 2001 - sjølvrapportering (skjema frå Aad)	39

Innleiing

Årsrapporten oppsummerar og vurderar resultat i høve til tildelingsbrevet frå AAD for 2001 og embetet sin verksemndplan for 2001. Verksemndplanen er utarbeidd på bakgrunn av tildelingsbrevet og vår eigen strategiplan 2001-2004. Planen viser kva mål, strategiar og innsatsområde/tiltak vi ville setje i verk i 2001.

I 2001 hadde vi følgjande innsatsområde:

Kommunesektor og beredskap

- Rådgjeving og analysearbeid innan kommuneøkonomi
- Koordinere utgreiingsarbeid om kommunestruktur
- Opplæring i og gjennomføring av ny tilsynsmetodikk på sosial- og barnevernområdet
- Beredskapsøvingar i kommunane og øving av Fylkesmannen sin krisestab

Miljøvern

- Verneplan for myr i Sogn og Fjordane
- Verneplan for Ålfotbreen
- Samarbeidsprosjekt med vassdragsregulantane i fylket om fiskegranskinger i regulerte vassdrag i Sogn og Fjordane

Landbruk

- Landbruket i fylkesplanlegginga
- Naturbruksprosjektet fase II

Organisasjon og administrasjon

- Kompetanseutvikling internt / samarbeidsprosjekt om kompetanseutvikling
- Informasjonsstrategi
- Elektronisk forvaltning – Open forvaltning
- Statens hus II

Årsrapporten er disponert i tråd med tildelingsbrevet, og innsatsområda vert omtalt under det resultatområde dei høyrer heime.

1. Måloppnåing

1.1. Overordna mål og strategiar

Vi har prioritert innsatsen vår i tråd med dei overordna måla og strategiane i Strategiplan 2001-2004:

Overordna mål

- Fylkesmannen skal ivareta innbyggjarane sin rettstryggleik
- Innbyggjarane skal oppleve Fylkesmannen som ei kommuniserande forvaltning.
- Fylkesmannen skal vere kommunane sin viktigaste samarbeidspartner.
- Sogn og Fjordane skal innan offentleg forvalting vere det leiande IKT-fylket.
- Fylket skal ha minst like mange kunnskapskrevjande offentlege arbeidsplassar om fem år som i dag.
- Medarbeidarane skal oppleve embetet som ein lærande organisasjon.

Strategiar

- Vi skal konsentrere oss om kjerneoppgåvene våre.
- Kontakten med kommunane skal styrkast.
- Vi skal leggje større vekt på tilbakemelding til departement og direktorat om reaksjonar på og verknader av ulike statlege mål og retningslinjer.
- Vi skal samarbeide nærmare med andre statlege etatar og fylkeskommunen – med sikte på effektivisering og betre tenesteyting.
- Der fleire avdelingar er involverte, skal brukarane oppleve signal og vedtak frå Fylkesmannen som samordna.
- Vi skal arbeide for auka kompetanse internt, og særleg vektleggje samfunnsforståing og evne til kommunikasjon.
- Vi skal vidareutvikle kompetanse på og bruk av IKT – både internt og elles i fylket.
- Gjennom utviklingsarbeid skal Fylkesmannen medverke til å skape nye og behalde arbeidsplassar i Sogn og Fjordane.

Status

- Vi har eiga serviceerklæring med til dels kortare fristar enn dei som er pålagt sentralt. Vi held stort sett fristane som gjeld på aktuelle saksområde, med nokre få overskridningar i løpet av året.
- Vi satsar på informasjon på internett. Privatpersonar som vender seg til oss munnleg eller skriftleg skal få svar snarast mogleg.
- Vi har gjennomført dialog med om lag halvparten av kommunane i 2001 gjennom møte i kommunane. Vi arrangerte to kommunekonferansar i 2001, og samarbeidar med KS , fylkeskommunen og andre statlege etatar.
- Vi satsar på IKT gjennom internett, IDUN, vår eigen Hushev (intranett), samt prosjekt som Fylkesmannen.no, noreg.no og nett.no
- Vi arbeider for å halde på og utvikle nye kompetanse-arbeidsplassar i fylket, saman med andre statsetatar, fylkeskommunen, KS m.fl.
- Vi set av eigne midlar til kompetanseutvikling, tilbyr felles kurs/nettbaserete kurs og individuelle opplæringstilbod. Vi brukar prosjekt-organisering for utviklingsoppgåver.

2. Viktige utfordringar for embetet i 2001

Kort om sentrale politiske foringar i tildelingsbrevet:

Fornyingsprogrammet

- Brukarorientering – med særleg vekt på sakshandsamingstid: Vi har prioritert dette og held i all hovudsak gitte fristar.
- Effektivisering – m.a. gjennom samordning: Vi har god kontakt med fylkeslege og utdanningsdirektør og samordnar verksemda så langt mogleg i hove til kommunane. For å kome lenger på dette området, må dei respektive fagdepartementa i større grad samordne sine retningsliner og verktøy.
- Reduksjon av rapporteringskrav til kommunane: FM har ikkje eigne rapporteringskrav til kommunane ut over det som er pålagt frå sentralt hald.

Døgnopen forvaltning og effektivisering med bruk av IKT

Vi har arbeidd med dette gjennom utviklingsretta prosjekt som noreg.no, Fylkesmannen.no, nett.no og ODIN mobile. FM har hatt leiervervet igjennom prosjektet Betre offentleg informasjon i Sogn og Fjordane / Offentlege servicekontor, som er avslutta i 2001. Dette arbeidet vert vidareført gjennom ei samordningsgruppe på fylkesnivå, der FM, skatteetat, A-etat, trygdeetat, fylkeskommunen og KS er representerte. Vi fekk avslag frå AAD på ein søknad om å etablere det ”virtuelle servicekontoret” i samarbeid med noreg.no.

Nytt sakbehandlingssystem kom ikkje på plass i 2001, då vi er avhengige av avgjerder sentralt. Fylkesmannen ligg no etter anna offentleg forvaltning, t.d. Fylkeskommunen, som har postlister med tilknytta dokument på internett, og Vegkontoret som har innført heilelektronisk arkiv.

Vi samarbeider elles med desse etatane om felles administrative funksjonar i eit nytt Statens Hus, og har alt felles sentralbordløysing med fylkeskommunen.

Fylkesmannen.no

Prosjektet har vorte forseinka pga tekniske problem med publiseringssløysinga til leverandøren Webcenter Unique. Opplæring i bruk av løysinga startar i vike 12 og 15 i 2002. Dei første nettsidene vil vere klare 2.mai 2002.

Informasjonsstrategi

Vi utarbeidde ein lokal strategi i 1999 som vart oppdater i 2001.

Samordning av tilsyn og tilsynsorgan

Vi har eit samordningsorgan regionalt kalla ”Tilsynsforum”, som har hatt møte og utarbeidd felles tilsynskalender til kommunane. Tilsynsrapportar vert lagt ut på ein felles nettstad. Vi avventar sentrale initiativ vedk. samordning av metodikk m.v. og opplæringstiltak.

Likestilling

Det har ikkje vore turn-over i leiargruppa i 2001. Det er såleis kun 1 kvinne i embetsleiinga, blant avdelingsdirektørar og seksjonsleiarar i embetet (totalt 12 leiarar). Ved ev. ledigheit vil kvinner bli prioritert dersom kvalifikasjonane til dei aktuelle kandidatane er likeverdige. Det er hove for tilsette til å søkje individuelle kompetansetiltak for å ev. kvalifisere seg til leiande stillingar.

Integrering av innvandrurarar

I utlysingstekstane vert innvandrurarar oppmoda om å søkje. Vi har ikkje hatt aktuelle søkerar i 2001.

2.1. Styringsdialogen med kommunane og kommuneøkonomi

Vi har saman med Fylkeslegen og utdanningsdirektøren formidla statlege målsetjingar og oppgåver i eit formidlingsbrev til kommunane – ”Kommunale oppgåver i høve til nasjonale mål og retningsliner”. Vi har også utvikla rolla vår som rådgjevar og analytikar vedk. kommuneøkonomi og bruk av KOSTRA-data.

I 2001 har vi gjennomført kommunebesøk i 13 kommunar, og arrangert to konferansar for kommunane med aktuelle tema (ein i mai og ein i oktober). I tillegg har vi deltek vi på samlingar for kommunane i regi av KS og fylkeskommunen, og opplæringssamlingar saman med fylkeslege og utdanningskontor.

Den økonomiske situasjonen er i mange kommunar svært vanskeleg. 5 kommunar vart meldt inn i ROBEK i 2001, 2 vart meldt ut og 2 nye meldt inn i løpet av året. Kommunane omorganiserer, effektiviserer og samarbeidar – og det er nok framleis ein del å hente her. Likevel kjem mange ikkje utanom nedskjæringer i tenestetilbodet til brukarane.

I 2001 har Fylkesmannen leia eitt utgreiingsarbeid om kommunesamanslåing (Hyllestad, Fjaler, Askvoll). Rapport skal vere klar 1.4.02.

Fylkesmannen har også i 2001 arrangert ei rekke kurs og samlingar for landbruksforvaltninga i kommunane. Som døme kan nemnast endringar i konsesjonslova og odelslova (bu- og drivepliksreglane mv.) der Fylkesmannen gjennomførte ein regionmøteserie rundt i fylket. Det deltok folk både frå landbruksforvaltninga og politikarnivå i kommunane.

Innan miljøvernombordet har vi i 2001 hatt eit spesielt fokus på fagområde der kommunane fekk større ansvar og myndigkeit. Dette gjeld m.a. innan hjorteviltforvaltning og avlaup.

2.2. Tilsyn, kontroll og rettstryggleik

Arbeidet med å sikre rettstryggleiken stod sentralt i dei måla vi sette oss i 2001. Det vart lagt vekt på å sikre enkeltmenneske sine rettar. Dette galdt både enkeltsaker og tilsyn med sosiale institusjonar. I serviceerklæringa la vi såleis føringar på sakshandsamingstider, kor vi særleg prioriterte saker som retta seg mot enkeltpersonar. Serviceerklæringa med resultat for 2001 ligg som vedlegg bak i årsrapporten.

Servicemålet for handsaming av klager etter plan- og bygningslova er 3 månader. I 14 av 137 saker nådd vi ikkje dette målet. Servicemålet for handsaming av klagesaker etter sosialtenestelova var 2 månader. I 28 av 111 saker nådde vi ikkje dette målet. Dei fleste overskridingane kom i 2. kvartal og hadde samanheng med stor auke i innkomne saker samt at det vart utført mykje tilsynsarbeid i denne perioden. 6 av sakene gjekk også over 3 månader.

Fylkesmannen har i kontakten med kommunane lagt vekt på å understreke det ansvaret kommunane som forvaltningsorgan har for at sakshandsaminga er i samsvar med god forvaltningsskikk. Likeins at dei vedtak som vert gjort ivaretak dei krav som må stillast til informasjon, rettstryggleik og lik handsaming overfor brukarane. Dette er gjort gjennom løpende rettleatings-verksemd, gjennom tilsyn og gjennom den funksjonen Fylkesmannen har som klageinstans for kommunale vedtak på ei rekke saksområde.

Tilsynet med sosiale institusjonar makta vi ikkje å gjennomføre i samsvar med lover og forskrifter (50% måloppfylling), og vi prioriterte tilsyn med institusjonar for barn og i rusomsorga.

Tilsynet med avlastningsbustader for barn og aldersheimar er utført med eitt tilsyn på kvar institusjon. Kravet om 2 tilsyn er såleis ikkje oppfylt. Grunnen er manglande kapasitet og

reisebudsjett. Vi har ved tilsyna i 2001 særleg fokusert på vedtaka på tildeling av plass, disponering av pensjonærane sine kontanttyngar og tvang i avlastnings-/barnebustader.

Tilsynet med rusinstitusjonar er gjennomført i samsvar med kravet om 4 tilsyn.

Fylkesmannen overprøvde 11 vedtak om ”makt og tvang” etter sosialtenestelova kap. 6A og gjennomførde 23 tilsyn.

Vi har ansvar for tilsyn med 14 institusjonar/tiltak etter barneverntenestelova. Av pålagde tilsynskrav på 60 er det utført 50 tilsyn, måloppnåing 83 %. Årsaka til avviket er ei fagleg prioritering ut frå kapasitet. Vi har valt å prioritere opp forvaltingstilsyn med barneverntenestene, og det har vore tilsyn i 8 kommunar. Vi fann her ein del alvorleg brot på rettstryggleiken for barn, og det vart gitt 11 avvik og 14 merknader.

Det er utført 1 tilsyn med kvart av dei 3 familiekontora i fylket.

2.3. Velferd og personretta tenesteyting

Arbeidet med dei statlege handlingsplanane innan helse- og sosialpolitikken har stått sentralt i arbeidet i 2001. Handlingsplan for eldre og Handlingsplan for sosialtenesta si førstelinje har også i 2001 hatt eigne prosjektmedarbeidarar. Det har også vore eit nært samarbeid med Fylkeslegen i arbeidet med Handlingsplanen for eldre, Handlingsplanen for helse- og sosialpersonell og Opptrappingsplan for psykisk helse. Det vert vist til omtale under resultatområde 71 kor dei enkelte handlingsplanane vert meir utførleg kommentert.

Gjennom Handlingsplanen for sosialtenesta si førstelinje ”Kunnskap og brubygging” har tilsette i sosialtenesta fått tilbod om kompetanseheving, samt at det også er etablert faglege fora og opplæring av rettleiarar. Sjølv handlingsplanen vart avslutta ved utgangen av året, men vi meiner med det arbeidet som er gjort, er det etablert tilbod og opplæring som vi meiner vil ha effekt.

Handlingsplanen for helse- og sosialpersonell har vore gjennomført i nært samarbeid med Fylkeslegen, Fylkeskommunen si opplæringsavdeling og Høgskulen i Sogn og Fjordane.

Det er etablert faste samarbeidsmøte 2 gonger i året med A-etat og Fylkestrygdekontoret kor samarbeidet mellom desse etatane og sosialtenesta i kommunane vert drøfta.

Landbruksavdelinga har hatt ansvaret for arbeidet med ”Grønn omsorg”, og fagpersonar på kommunalavdelinga har delteke på samlingar for tilbydarar med råd og rettleiing.

2.4. Regional planlegging og arealpolitikk

Vi har ved handsaming av overordna planar (m.a. fylkes(-delplanar) og kommuneplanar) vore pådrivar for at nasjonale mål vert følt opp. Dette gjeld m.a. rikspolitiske retningsliner for areal- og transportplanlegging, forbodet mot bygging i strandsona, rikspolitiske retningsliner for verna vassdrag og ivaretaking av inngrepssfrie område. Vi har hatt spesiell fokus på kommunar som avvik i for stor grad frå sine kommuneplanar gjennom dispensasjonar og enkeltvedtak. Dette har ført til at vi på miljøvernombordet har brukt fleire klager (7) og motseigner (7) enn på mange år. Den nasjonale kartlegginga av dispensasjonspraksis i strandsona viser at talet på søknader er relativt høgt og at kommunane i Sogn og Fjordane innvilgar prosentvis fleire dispensasjonssøknader enn landssnittet.

I samband med gjennomføring av verneplanarbeid (i 2001 verneplan for myr og oppstart av vernearbeid for Ålfotbreen landskapsvernombordet) har vi lagt vekt på at desse prosessane vert gjennomført på ein måte som fremjar gjensidig openheit, kunnskap og respekt, og på den

måten bidra til å dempe konfliktgraden i høve til andre interesser. Erfaringane ved tidlegare verneplanarbeid (spesielt Nærøyfjorden, Naustdal-Gjengedal og barskogplanen) har vore brukt aktivt.

For å dempe konfliktgraden mellom vern og utvikling har vi i 2001 planlagt og fått sentral delfinansiering til eit 3-årig prosjekt kalla Naturbruksprosjektet fase II. Prosjektet har som hovudmålsetjing å utvikla nye arbeidsplassar og auka inntening for personar og bedrifter gjennom natur- og kulturbasert næringsutvikling i og ved verneområde i fylket.

Vi har vidare lagt vekt på å utvikle rollen som kunnskaps- og politikkformidlar på miljøvernombordet, m.a. gjennom formidling og presentasjon av miljødata. Pga mange faste oppgåver innan myndighetsutøving og innspel til kommunale planar, har det likevel ikkje vore mogleg å prioritere dette området som godt som ønskjeleg.

Jordvern er viktig også i eit fylke som Sogn og Fjordane. Det har likevel ikkje vore uvanleg sterkt fokus på temaet i 2001. Vi er i rimeleg god dialog med kommunane på dette området, og vi har ikkje fått i hende planar der det har vore nødvendig å reise motsegn.

2.5. Nærings- og regionalutvikling

Vi har halde fram med eit godt samarbeid mellom miljø- og landbruksforvaltninga, m.a. med omsyn til forvaltninga av rovviltnestandane og førebyggjande tiltak mot rovviltskader. Vidare har vi hatt godt samarbeid med rovviltnestvalet og dei enkelte sanksjonene.

Vi starta opp arbeidet med ein forenkla forvaltningsplan for store rovdyr i Sogn og Fjordane, men pga ekstra arbeid med enkeltsaker (skadefellingssaker ulv og jerv) vart ikkje forvaltningsplanen ferdig.

Fylkesmannen har eit omfattande engasjement i høve regionale utviklingsprogram. I vårt fylke er RUP lik handlingsdelen til fylkesplanen og omfattar i alt 15 fylkesplanprogram. Fylkesmannen har leiaransvaret for to av desse, Landbruk og bygdeutvikling og Open forvaltning, og deltek i 8 andre planprogram. Vi har m.a. prosjektleiinga for prosjekta Ungt entreprenørskap og Kompetansestover på bygdene. I tillegg har Fylkesmannen sekretariatsansvaret for utarbeiding av ein eigen fylkesdelplan for landbruk. Arbeidet er godt i gang og vil vera ferdig i 2002.

Fylkesmannen har eit formalisert og godt samarbeid med næringsorganisasjonane i landbruket når det mellom anna gjeld disponering av BU-midlane, kulturlandskapsarbeidet, økologisk landbruk, lokal foredling og vernearbeid. Det same gjeld forholdet til Fylkeskommunen, SND og kommunane.

Meir detaljert rapport om nærings- og regionalutvikling er å finna under årsrapport frå dei enkelte resultatområda, og då særleg resultatområde 21 og 22.

2.6. Beredskap

Fokus for verksemnda i 2001 har vore gjennomføring av tilsyn i kommunane, øving av Fylkesmannen sin fredskrisestab, innføring av SBS og beredskapsøvingar i kommunane.

Med verknad frå 1. juni 01 fekk beredskapsseksjonen tilbakeført eit ½ årsverk (til totalt 4 årsverk).

Sju av åtte planlagte tilsyn er gjennomført. Ein kommune søkte om og fekk godkjent utsetting av tilsynet til februar 2002. Øving av Fylkesmannens samla fredskrisestab vart utsett til 2002

(5. sept.). Øving av embetsleiing er gjennomført i regi av DSB. Dette gav også relevant øving for alle gruppeleiarar i fredskrisestaben.

Innføring av SBS er gjennomført i samsvar med retningsliner gitt av DSB i 4. kvartal 2002.

Det er gjennomført beredskapsøving i 13 av 26 kommunar.

Det er gitt støtte til Fylkesveterinæren i høve til førebyggande arbeid innan munn- og kluauvsjuke beredskap. Fylkesmannen har også hatt ein samordningsfunksjon i når det gjeld terrorberedskap.

2.7. Vesentlege endringar i oppgåveporteføljen

Fylkesmannen overtok frå 01.01.01 nye ansvarsområde etter ureiningslova. Som følgje av oppgåvemeldinga, fekk vi likevel ikkje delegert ytterlegare oppgåver frå 01.07.01 slik at det no verkar uklårt kva for oppgåveportefølje Fylkesmannen skal ha framover. Innan ureiningsområdet har vi prioritert myndigheitsutøving framfor andre oppgåver.

3. Årsrapportar frå dei enkelte resultatområda

3.1. Miljøvernavdelinga

I 2001 har aktiviteten på miljøvernombordet vore høg og prega av stort arbeidspress. Avdelinga handterer mange og varierte saksfelt der det ofte er høgt konfliktnivå. Media er ofte oppteken av saker på avdelinga, spesielt gjeld dette vernesaker, strandsoneforvaltning, villaks og rovvilt. Av spesielle aktivitetar i 2001 kan vi nemne oppstart av eit 4-årig prosjekt som er finansiert av vassdragsregulantane i fylket: "Fiskeressursar i regulerte vassdrag i Sogn og Fjordane". Verneplan for myr har også vore spesielt arbeidskrevjande og eit utkast til verneplan vart sendt ut på lokal høyring. Som tidlegare år er det handsama mange saker som gjeld inngrep i vassdrag og søknader om oppdrett av laksefisk og etterkvart også marin fisk og skjell. På rovdyrfronten vart det betalt ut rekordstore erstatningar for tap av rovdyrdrepne sau og lam i Indre Sogn og Indre Sunnfjord.

3.1.1. Måloppnåing på resultatområda

Miljøverndepartementet

Resultatområde 01 – Vern og bruk av biologisk mangfold

Områdeforvaltning

Eit framlegg til verneplan for myr har vore til fagleg godkjenning og vart seinare sendt ut på lokal høyring. Framlegget femnar om 25 enkeltlokalitetar. Pga at vi i arbeidet har lagt stor vekt på kontakten med grunneigarar og lokalmiljø, og fordi DN brukte lang tid på fagleg godkjenning, har planen vorte noko forseinka. Samstundes er det grunn til å tru at dette vil kunne forenkle høyningsprosessen.

Ei informativ brosjyre med kartfesting av alle verneområde i fylket vart sendt ut til alle husstandane. Arbeidet med skjøtselsplanen for Erdalen, Sunndalen og Bødalen i Jostedalsbreen nasjonalpark vart fullført og planen godkjent. Stryn kommune og Jostedalsbreen Nasjonalparksenter er tildelt arrangementet "Europarc 2003". Vi har delteke i forarbeidet til konferansen.

Eit framlegg til ein felles verneplan og fylkesdelplan for Naustdal-Gjengedal vart oversendt, etter gjennomført lokal og sentral høyring, til DN og MD.

Arbeidet med oppfølging av nasjonalparkplanen er ført vidare med oppstart på verneprosessen for Ålfotbreen. I 2001 vart prosjektleiar tilsett, det vart gjennomført naturfaglege registreringar og halde møte med kommunane og fylkeskommunen.

Forvaltninga av verneområda er vidareført med vekt på informasjon og dialog med grunneigarar, kommunar og andre samarbeidspartnarar.

Som dei føregåande åra er det handsama ei rekke inngrepssaker knytte til vassdrag (kanalisering og forbygging, regulering/vassuttak til smoltproduksjon, mikro- og minikraftverk m.v.). Fleire vassdrag i Sogn og Fjordane er pga forbyggingar og andre inngrep utsette for ei gradvis øydelegging av naturlege elvekantar, med reduksjon av skjul og oppvekstområde for fisk. Våre krav og tilrådingar vert i hovudsak følgt opp av NVE, med visse unntak. I nokre minikraftsaker i verna vassdrag og i nokre regulerings/vassuttaksaker har NVE i større grad akseptert miljøinngrep.

Det er i 2001 handsama 5 søknader om fritak frå Samla Plan for vassdrag. Det er utarbeidd 3 vassdragsrapportar. Vidare er det utarbeidd (delvis fullført frå 2000) totalt 6 VVV-rapporter

m/digitale kart (verneverdiar i verna vassdrag). Vi har til no VVV-rapportar for 14 av i alt 30 verna vassdrag.

Vi har tilrådd unntak frå Samla Plan for eit større kraftutbyggingsprosjekt (om lag 85 GWh) i Feiosvassdraget i Sogn.

Vi har i 2001 handsama og gitt råd til NVE i 18 saker om inngrep i vassdrag og 22 kraftverks-saker (i hovudsak minikraftverk). Vi har gjeve fråsegn til berre ein søknad om regulerings-konsesjon for kraftutbygging (Bøfjordvassdraget i Ytre Sogn – ein produksjon på 26,5 GWh). Vidare har det vore ein del kontakt med DN og NVE i samband med konsesjonssøknaden om Kjøsnesfjorden kraftverk (90-232 GWh) i Sunnfjord.

Etter oppmoding frå DN har vi gjeve innspel til supplering av Verneplan for vassdrag.

Kalking av sure og utsette vatn og vassdrag er gjennomført i samsvar med plan. I alt vert om lag 8,5 km² innsjøareal kalka i tillegg til elvestrekningar. Prøvefiske/biologiske undersøkingar er utført i 14 innsjørar fordelt på 6 kommunar og resultata er vurdert i høve til forsuring/kalkingsstrategi. Fleire stader er større kalkingsprosjekt aktuelle, men midlane har vore avgrensa.

Artsforvaltning

Det har vore arbeida med å få kartfesta opplysninga om truga og sårbare artar i fylket. Vi har m.a. nytt noko midlar til å få tilgang på store datasett om sjeldne og truga planter frå UiO.

Rovdyrskadane nådde ein ny topp i 2001. Det vart betalt ut over 1,4 mill. kr i erstatning. Som i 2000 var det mest jerveskader, men nytt i 2001 var ulveskadene i Sogn. I år er det kommunane Lærdal, Luster, Førde, Årdal, Leikanger (ulv) og Jølster som er hardast ramma. I desse 6 kommunane vart det utbetalet rovvilterstatning på til saman kr 1,25 mill. (dvs 88 % av samla erstatning). Samarbeidet innan rovviltforvaltninga, m.a. gjennom rovviltutvalet, har fungert godt.

Det er brukt mykje ressursar på å førebu og informere kommunane om reformene innan hjorteviltforvaltninga og lagt vekt på å tilretteleggje for forenklingar. Vi har i fråsegner til ulike framlegg til nye forskrifter innan viltlova lagt vekt på innspel som kan føre til gode, enkle og praktiske forskrifter. For fjerde året på rad vart det felt over 8000 hjort i fylket - førebels resultat viser 8212 felte hjort. Vi har sterkt formidla at det er kommunane og grunneigarane som no har ansvaret for å tilpasse hjortebestanden til dei lokale tilhøva.

12 gamle enkelforskrifter om fredingssoner ved fisketrapper vart innarbeidd i den fylkesvise forskrifta om laksefiske i vassdrag. Ei ny forskrift om munningsfredingsregler og nedsenking garn skal erstatte 25 enkelforskrifter, og vil i følgje justert framdriftsplan verte vedteke våren 2002.

Arbeidet med overvakning av anadrome laksefisk og innlandsfisk er vidareført, med stor innsats på ungfiskgranskinger, gytefiskregistreringar og kartlegging av *G. salaris*. I Lærdalselva har det vore fleire prøvetakingsrunder, som viser korleis *G. salaris* spreier seg etter den nye påvisinga i oktober 1999. Høyningsforslag med marginale endringar for elgefisket er send på høyring, På grunn av mellombels betra bestandssituasjon for laks vart den omfattande gjennomgangen utsett til 2002, slik som for dei fleste andre fylka. Forslag om å oppretthalde gjeldande regime for sjølaksefisket er send til DN.

Lakseoppsynet har som vanleg hatt aktivitet i dei viktigaste lakseeelvane og i fjordane ut til grunnlinja. Fokuset på det heilskaplege naturoppsynet har auka. Samarbeidet med Kystvakta

er vidareført. Samarbeid med Statens Naturoppsyn (SNO) er kome godt i gang, m.a. gjennom SNO-stillinga i Jostedalsbreen nasjonalpark med kontorstad i Oppstryn.

Det er rapportert inn fangstar på totalt 20 731 kg laks og 8462 kg sjøaure frå elvefisket i år. Laksefangsten er om lag som i 2000, då det vart ein opptur etter dei historiske botnsesongane 1996-99. Med innrapporterte fangstar frå sjølaksefisket på 31 945 kg vart den samla laksefangsten på 52 676 kg i 2001 – noko som er det høgaste sidan 1995. Den samla sjøaurefangsten ligg på nivå med fangstane dei fem siste åra.

Mange viktige bestandar er framleis svake, og må forvaltast med varsemd også kommande sesong. Blant lakseelvane som var freda i år finn vi Stryneelva, Oldenelva, Nærøydalselva, Flåmselva og Jølstra. Det er dokumentert skadar og sannsynleg stor daude av laksesmolt under utvandring i fjordsistema om våren. Spesielt har dødeligheita i Sognefjorden vore høg dei siste åra, og truleg er belastninga størst på elvane inst i fjordsistema. Forskarane hevdar at gode oppvekstvilkår i havet er den viktigaste forklaringa på det generelt gode lakseinnsgjet. Oppgangen i elvefisket i Sogn og Fjordane må også sjåast i samband med at fisketrykket i sjøen er monaleg redusert ved at kilenotsesongen først starta 10. juli.

Gytefiskregistreringar i elvane stadfestar at gytebestandane i år er større samanlikna med siste halvdel av 1990-talet. Det er gjennomført ei omfattande overvakning av rømd oppdrettsfisk i elvefisket og i overvakingsstasjonar i sjøen.

Innan oppdrettssida er det handsama mange søknader om lokalitetar for matfiskoppdrett, settefiskanlegg og skjelanlegg. Det er lagt vekt på å gje faglege innspel til fiskeristyresmakten slik at interesser og retningslinjer i høve til miljøverknader blir følgt opp. Sakshandsamartida vart monaleg redusert – i alle fall fram til siste kvartal. Det har vore jamnleg kontakt, inkludert halvårlege møte, med Fiskeridirektoratet Sogn og Fjordane.

Vi har, i samarbeid med administrasjonen i fylkeskommunen, lagt vekt på å få fram faglege merknader til framlegget om nasjonale laksevassdrag og -fjordar.

Resultatområde 02 – Friluftsliv

Området er lågt prioritert pga. knappe ressursar. Vi har fordelt tilskot, i nær kontakt med fylkeskommunen og organisasjonane. Elles blir omsynet til friluftsliv og allemannsretten følt opp gjennom innspel i plan- og inngrepssaker, spesielt i strandsona.

Resultatområde 03 – Kulturminne og kulturmiljø

Ikkje aktuelt.

Resultatområde 04 – Overgjødsling og oljeureining

Det vart gjort ein stor innsats med å overføre saksdokument til kommunane i samband med ny avløpsforskrift og delegering av myndighet til kommunane frå 01.01.2001. Vi sendte i 2001 ut særskilt informasjon til kommunane om norsk avløpspolitikk der vi la vekt på å trekke fram og kommentere det som særleg vedkjem Sogn og Fjordane.

Det blei gjennomført revisjonar av internkontroll på avløpssektoren i 2 kommunar – som planlagt.

Når det gjeld industri med utslepp til vatn har det vore ein del rutinemessig oppfølging både av næringsmiddelindustri og fiskeforedling. Sentralisering til større meieri- og slakterieiningar fører til auka tilførsel til enkelte lokale vassførekommstar.

Resultatområde 05 – Helse- og miljøfarlege kjemikaliar

Ikkje spesielt å rapportere.

Resultatområde 06 – Avfall og attvinning

Krav til gassoppsamling er sett for dei relevante plassane. Hesjedalen avfallplass avventer avklaring frå SFT. Kommunane har innført differensierte avfallsgebyr, men føremålet med differensieringa er sjeldan i god samsvar med intensjonen i ureiningslova. Differensieringa vert ikkje aktivt nytta for å fremje gjenvinning. Kravet om at kommunane har "tilstrekkeleg tilbod" til mottak av spesialavfall er ikkje fylt nokon stad – dersom ein skal leggje til grunn innsamla mengd.

Resultatområde 07 – Klimaendringar, luftureining og støy

Ikkje aktuelt.

Resultatområde 08 – Internasjonalt miljøversamarbeid, bistand, nord-/polarområda

Ikkje aktuelt.

Resultatområde 09 – Regional planlegging

I 2001 har miljøvernavdelinga hatt til handsaming 373 saker etter plan og bygningslova, av desse galdt 124 dispensasjonar, og 56 av desse att galdt dispensasjonar i 100-m-beltet.

Rapportering om dispensasjonar i strandsona viser at talet på søknader er relativt høgt og at kommunane i Sogn og Fjordane innvilgar prosentvis fleire dispensasjonssøknader enn landssnittet.

Vi har nytta motsegn i 7 plansaker (av desse var det 5 motsegner i strandsona og 2 motsegner var av meir planfagleg karakter). Ei sak har vore til mekling – der miljøvernavdelinga gjekk med på eit kompromiss. Vidare har vi påklagt totalt 7 vedtak om dispensasjon frå plan (av desse var 4 i strandsona, 2 akvakulturanlegg i sjø og 1 bygging av traktorveg). Talet på dispensasjonar er likevel monaleg større enn dette, fordi vi i felles rundskriv saman med fylkeskommunen frå 1996 (under revisjon) har bede kommunane om å ikkje sende ”kurante saker” på høyring til fylkesnivået.

Talet på innkomne og handsama plansaker er ein god del større enn i 2000, men gjennom hardhendt prioritering har vi likevel vore nokolunde a jour med fristar. Arbeidet i planforum fungerer godt, med gode tilbakemeldingar frå kommunane. Avdelinga har delteke i arbeidsgrupper og på regionale møte om fylkesplanlegging. Vi har m.a. delteke i fylkesplanprogrammet ”Kunnskap og verktøy” og i fylkesdelplan for klima og energi. Ei prøveordning med arbeidsdeling i plansaker med fylkeskommunen har vore vidareført, og ser ut til å fungere rimeleg greitt. Forum for bærekraftig utvikling (LA-21) er vidareført.

Resultatområde 10 – Kart- og geodata

Prosjektperioden for Arealis er ute, men arbeidet er blitt vidareført på eit minimumsnivå med same prosjektorganisering. Ein eigen geodataplan for embetet utgjer grunnlaget for arbeidet på dette området, men innsatsen i 2001 er prega av at sentrale GIS-personar er slutta/permitterte. Det er likevel gjort ein del arbeid med innsamling, digitalisering og tilrettelegging av data, m.a. om biologisk mangfald. Mykje av miljøvernavdelinga sine data er tidlegare gjort tilgjengelege over Internett gjennom TITAN-prosjektet, m.a. Naturbasen (EDNA). Vi har gjennom ein OFU-kontrakt mellom Fylkesmannen og eit nystarta GIS-firma gitt innspel til kartløysingar for miljødata hos fylkesmannsembeta.

Resultatområde 11 – Tverrfaglege oppgåver og fellesfunksjonar

Avdelinga har som tidlegare år hatt eit stort arbeidspress, m.a. pga stor saksmengd, fleire permisjonar, uklår framtidig organisering og høgt konfliktnivå i mange av sakene. Dette set store krav til sakshandsaminga.

Arbeidet med fylkesvis miljøstatus vart starta opp, men pga knappe ressursar måtte hovuddelen av arbeidet utsetjast til 2002.

Ved utgangen av året hadde avdelinga totalt tilsett 19 personar. Det vart utført om lag 16,0 årsverk i 2001. I tillegg betalar avdelinga for rekneskap og it-tjenester på administrasjonsavdelinga. Avdelinga har sidan 1999 redusert bemanninga med om lag 2,0 årsverk. Det vart i tråd med organisasjonsplan frå 2000 iverksett mindre endringar i oppgåvefordeling mellom dei to seksjonane på avdelinga.

Som følgje av Stortinget si handsaming av oppgåvemeldinga (St.meld.nr.31 (2000-2001)) har avdelinga, spesielt leiing og tillitsvalde, brukt mykje tid på kontakt med fylkeskommunen og deltaking i styringsgruppe og arbeidsgrupper i samband med ”den nye fylkeskommunen”. Trass i signal frå ny regjering om ny gjennomgang av miljø- og landbruksoppgåvene har dette arbeidet i stor grad halde fram.

Rekneskapen på avdelinga sin del av kap.1501 post 01 viser tilnærma balanse.

3.2. Landbruksavdelinga

3.2.1. Måloppnåing på resultatområda

Landbruksdepartementet

Resultatområde 21 – Landbruksbasert nærings- og bygdeutvikling

Jordbruk

Pr 1. august var det omlag 4800 som søkte om produksjonstilskot. Næringa møter framtida med auka grad av samarbeid, til dømes vart det etablert 7 nye samdrifter for mjølkeproduksjon og fleire andre samarbeidstiltak innan produksjon, maskinhald og lagerbygningar. Dei siste åra har det vore satsa aktivt på innføring av system for kvalitetssikring og dokumentasjon, med studieringar for bønder. Det har vore over 360 studieringar i fylket, men 133 nye ringar i 2001 var noko lågare enn venta. Vi løyvde ca 350 000,- i tilskot til 23 etterutdanningskurs for bønder, og vi fekk søknader på langt fleire kurs.

Ved avdelinga vart det utarbeidd over 50 bygningsplanar, dei fleste gjeld ombyggingar og moderniseringar. Det vart arbeidd for å finne rimelegare bygningar, både for storfe og sau. Betongprosjektet skal undersøke og informere om skader på gamle betongkonstruksjonar i gjødsellager.

Avlingsnivået var som eit gjennomsnittsår for gras, det var rimeleg god kvalitet på sau og lam, men det vart diverre noko høgre tap av dyr på beite. 7,3 % av lamma og 2,9 % av sauene gjekk tapt, og berre ein liten del av dette kjem av fleire rovdyr enn tidlegare. Det var eit middels år for frukt og bær, men med til dels fuktig sommar vart det därlege avlingar innan økologisk frukt. Økologisk landbruk er i vekst, med i underkant av 200 registrerte brukarar som har lagt om eller er i ferd med å legge om drifta. Vidare vekst er mykje avhengig av regelverket for økologisk saueproduksjon, noko som vert følgt opp i samarbeid med pilotprosjektet for økologisk sau i Hordaland.

Skogbruk

Innmålt kvantum gjennom Sogn og Fjordane Skogeigarlag var 55.000 m³ i 2001. Dette er mindre enn det ein kunne ynskja, men 12% meir enn året før.

Samla sett heldt investeringane i skogkultur seg på same nivå som året før. Plantinga hadde ein nedgang på om lag 10%, med unntak av suppleringsplanting som viste auke. Arealet med ungskogpleie viste auke på vel 10%, 440 daa. Fagarbeidarane i skogbruk og skogkulturgjengane frå Slovakia er viktige for å halde oppe nivået i skogkultur. Ein fagarbeidar slutta i året, og ein ny kom til. Høgt nivå på tilskott til skogkultur har klår positiv effekt, saman med god bruk av midlar til ekstra skogkultursatsing.

Vegbygginga viste markert nedgang frå 43 km i 2000 til 28 km 2001. Nedgangen er størst for traktorvegar, med reduserte løyyingar må dei viktigaste tilkomstvegane prioriterast. Vi har fleire store jordskiftesaker som bind opp store deler av forventa tilskott i 2002.

Det er utført skogregistrering i Luster som grunnlag for områdetakstar. Det er utført Miljøregistrering i Skogbruk (MiS) på 40 000 daa på 200 eigedomar, og etterregistrert MiS på 40 000 daa. Tingingsprosenten på skogbruksplanar er framleis under det som er ønskjeleg. Det er markert nedgang i utbetalt tilskott til drift i vanskeleg terren. Hovudårsaken er at tilskott no berre blir utbetalt til taubanedrifter. Når det gjeld skogdagar og kurs har det vore nedgang i høve til året før.

Andre bygdenæringer

I samarbeid med fylkeskommunen, kommunane og bygdelaga, satsar vi på fleire ulike tiltak for å bremse på nedgangen i folketalet. Vi starta opp arbeid med ein eigen *Fylkesdelplan for landbruk* i samarbeid med fylkeskommunen. Vi har ansvaret for gjennomføringa av fylkesplanprogram *Landbruk og bygdeutvikling*, og deltek også i fleire andre program som til dømes *Bygdeutviklingsprogrammet* og *Levande bygder* der føremålet er mobilisering, trivselstiltak, lokal næringsutvikling og samspel mellom sentrum og bygd.

Prosjektet *IT og bygdeutvikling* vart avslutta ved nyttår 2001 og syntre korleis ein kan nytte IT til både informasjon, nettverk og etableringar. *Kompetansestover* er døme på det siste, der vi gjennom BU-midlane gir støtte til etablering av eit felles miljø med kunnskapsbaserte arbeidsplassar. I dei 5 kompetansestovene som til no er med i prosjektet, er det etablert omlag 80 arbeidsplassar. I samarbeid med fleire andre har vi delteke i utviklinga av *Ungt entreprenørskap*. Stadig fleire bønder gir i samarbeid med kommunane tilbod om *Grøn omsorg* til folk med omsorgsbehov, både frå helse- sosial- og skulesektoren. I 2001 fekk vi finansiert *Naturbruksprosjektet* der vi vil arbeide for å nytte verneområda meir aktivt til næringsutvikling.

Bygdeutviklingsmidlane på omlag 6,5 mill vart tildelt nærmare 90 ulike søkerar, fordelt på 31 % til utviklingstiltak i landbruket, 21 % til reiselivstiltak, 12 % regionale utviklingsprogram, 27 % til lokalsamfunnstiltak, 5 % til IKT, og 4 % til nokre andre tiltak.

Satsinga på moreller i Lærdal gir bokstaveleg tala god frukt, med eksport av 5,5 tonn til utlandet. Dette var litt mindre enn forventa, men næringa er under oppbygging og det er realistisk at volumet vil verte mangedobla i løpet av nokre år. I Luster vert det satsa på delikatessebær, som gav ein totalproduksjon på 7 tonn. Gjennom desse nye satsingane er det mogeleg å hente ut betre lønsemd enn i dei tradisjonelle frukt og bærproduksjonane.

Det er aukande interesse for lokal foredling og småskala matproduksjon, og vi har samarbeid med Norsk Gardsmat og eit eige prosjekt for lokal foredling. Vestlandsforsking har i samarbeid med oss fått midlar til å prøve ut *e-handel* for småskala matproduksjon. Generelt sett har vi også godt samarbeid med dei lokale næringsmiddeltilsyna. Aurland ligg no an til å bli eit regionalt kompetansesenter for lokal matproduksjon. Vi har saman med Norsk Bygdeturisme satsa på nettverksbygging for å auke kvaliteten, kompetansen og samarbeid innan småskala reiseliv.

Resultatområde 22 – Miljø- og arealforvaltning

Arealforvaltning

Forsøksordninga der kommunane i Sogn og Fjordane, til liks med Nordland og Oppland, har hatt avgjerdsmynde i konsesjonssaker, skulle vore avslutta ved utgangen av året. På grunn av usikkerheit kring framtidig organisering av fylkesnivået, er prøveordninga forlenga med eitt år.

Vi har halde 4 regionkurs for kommunane om delegasjonsføresegner etter odels – og konsesjonslova. I tillegg er det på hausten halde eit oppfølgingskurs i versetting av landbrukseigedomar. Det er framleis ein kommune i fylket som ikkje har godkjend kommuneplan. ”V base” er ferdig for 19 kommunar. Ikkje alle desse er ajourførde. Vi har enno vanskar med å få nokre kommunar til å bruke ”Ajour”, og vi må be kommunane om hjelp for å få til arealstatistikken i plansaker. Det er aukande tal plansaker for utbygging av mini – og småkraftverk i kommunane, med grunneigarane som utbyggjarar.

Kulturlandskap

Det er stadig aukande interesse for tiltak i kulturlandskapet i fylket. Det låg føre i alt 382 søknader om ”spesielle tiltak”. Av desse vart 329 handsama og 53 overført til 2002 på grunn av at løvingane var oppbrukt. Til saman vart det utbetalt 15,043 mill. kr., 4,2 mill. av dette

var overført frå ”Tekniske miljøtiltak”. Utbetalt tilskott viser ein liten nedgang i høve til i fjor, medan talet på søknader har auka. Total søknadssum var for året på ca. 26 mill. kr. Det er difor trøng for å få tilført meir midlar seinare år. Kulturminne/miljø har dreg av med største del av løyvinga med 30%, freda og verneverdige bygningar 27%, gamal kulturmark 20%, biologisk mangfald 13% og planlegging av fellestiltak 4%.

Arbeidet med strategi for bruk av kulturlandskapsmidlane kom i gang på hausten og er ved årsskiftet godt i gjenge. Vi har siste halvår hatt god fagleg hjelp av ein hospitant frå Fylkeskommunen, og ein sivilarbeidar.

Naturforvaltning

Landbruksavdelinga har gjennom året kome med innspel til verneplan for myr.

Ureining

Kommunane fekk i 2001 delegert auka mynde innan landbruksureining, dvs forvaltning av forskrift for husdyrgjødsel og silopressaft. Vi gav kommunane opplæring og informasjon om innhaldet og praktisering av forskriftene. Vi har for kort erfaring til å seie noko om resultatet av denne delegeringa.

Vi har løyvd 620 000,- til planlegging av områdetiltak i bygder. Bak søknadene står grupper på opp til 30 personar som ynskjer å gå saman om fellestiltak/grendelag for å ta vare på miljø og kulturlandskap. Det er løyvd omlag 360 000,- fordelt på 17 anlegg, i tilskot til miljøtiltak innan hydrotekniske anlegg, vasskvalitet og klimaplanting.

Resultatområde 23 – Inntekts- og velferdspolitiske tiltak

Det er utbetalt 523 mill kr gjennom dei ulike forvaltningsordningane som landbruksavdelinga administrerer. I 2000 var talet 573 mill kr. Tal manuelle utbetalinger til søkerar var 331, medan same tal var 421 for 2000. Det er ein jamn nedgang med i søkerar om produksjonstilskot. Nedgangen varierer noko frå år til år, men er samla sett større enn for nokre år sidan. Siste år registrerte vi nedgang på 3,3 %, mot 4,1% året før.

Mesteparten av arbeidet vårt har samanheng med tilskot til husdyr, og areal- og kulturlandskapstilskot. I 2001 har det også auka på med spørsmål omkring temaet samdrifter. Året 2001 har vore meir normalt enn 2000, med tanke på registreringsarbeid og tal manuelle utbetalinger. Vi ser fram til at nye løysingar via Internett kan bli utprøvd. Sogn og Fjordane melder seg på som pilotfylke for dette prosjektet.

I 2001 har vi hatt to fagmøte med kommunane der tema har vore saksbehandling og kontrollrutinar for ordningane produksjonstilskot og avløysarordningane. Vi har vore ute på kontroll i 2 kommunar. Arbeidsmengda med forvaltninga av tilskotsmidlane er omfattande. Gjennomføringa krev at vi heile tida har god kontakt /dialog med kommunane. På denne måten reduserer vi talet på feil og dermed vert også servicen betre overfor brukarane.

3.3. Administrasjonsavdelinga

3.3.1. Måloppnåing på resultatområda

Arbeids- og administrasjonsdepartementet

Resultatområde 31 – Organisasjon og styring

- Avlevering av arkivmateriell til Statsarkivet fullført.
- Arbeidet med nytt Statens Hus i Leikanger har halde fram.
- Førebuing til etablering av Opplysningsstenesta i staten gjennomført, og tenesta starta opp etter planen 01.01.02.
- Vidareutvikling og drift av prosjekta *Idun* og *norge.no* har halde fram i 2001.
- Offentleg kompetansenett etablert og prosjektleiar tilsett. Tilbodet vert sett i drift frå 01.01.02.
- Innføring av nytt saksbehandlarsystem utsett til 2002, av di val av nytt system ikkje var bestemt sentralt.

3.4. Kommunalavdelinga

3.4.1. Måloppnåing på resultatområda

Barne- og familielatedepartementet

Resultatområde 41 – Barnehagar

Fylkesmannen tildelte i 2001 ca. kr. 107.033.000,- i statstilskot til barnehagane i fylket. Av dette er ca. kr. 840.000,- tildelt for tospråkleg assistanse i barnehagen. Fylkesmannen har i 2001 overteke forvaltningsansvaret for tilskot til nye barnehagar.

Barnehagedekninga er gjennomgåande god i fylket med 76% i aldersgruppa 1-5 år. Dei fleste kommunane melder om at alle som søker plass får eit tilbod og at det er få på venteliste. Variasjonen mellom kommunane er 57% i Selje og 100% i Aurland.

Vi har hatt 2 kommunesamlingar for barnehageansvarlege kor dei tema vi har fokuserte var; ”Treårig kvalitetssatsing i barnehagen” og ”Kulturformidling til førskulebarn”.

Fylkesmannen, i samarbeid med Høgskulen i Sogn og Fjordane, har hatt ansvar for 10 vekttal studium i ”pedagogisk utviklingsarbeid”. Studentane er pedagogiske leiarar og styrarar frå kommunane Førde, Gloppen, Leikanger, Lærdal, Sogndal og Stryn. Barne- og familielatedepartementet dekkjer utgiftene til studiet.

Barnehagekonferansen i Loen vart avvikla med ca. 400 deltakarar. Hovudtema for konferansen var ”Mennesket bak faget” og ”Kva gjer vi når barn viser teikn på at dei ikkje har det godt” (omsorgssvikt). I tillegg var det mange valfrie forelesingar. Under konferansen var det delt ut midlar til ”FOU”-arbeid – lokalt utviklingsarbeid til kommunane Gloppen, Hornindal og Vik.

Menn i barnehage - ”MIB” i Sogn og Fjordane har fått tilskot til informasjonsarbeid, utarbeiding av rekrutteringsmateriell, deltaking i utdanningsmesser m.m. Informasjonskanalen på Internett for menn i barnehagen er ein del av dette informasjonstilbodet.

Kurset ”Betre hjelp til flyktningbarn” med psykologane Marianne Straume og Magne Raundalen hadde ca. 50 deltakarar. Kurset ”Seksuelle overgrep mot førskolebarn” med sosionom Inge Nordhaug hadde ca. 40 deltakarar.

Fylkesmannen har delteke saman med 5 andre fylkesmenn i eit prosjekt der ein skal utprøve nettbaserte, oppdaterbare behovs- og brukarundersøkingar. Prosjektet skal vidareførast i 2002. Sosial- og familiesjef Arne Røyrvik er fylkesmennene sin representant i nasjonal referansegruppe for kvalitetssatsinga.

Vi har handsama 3 søknader om varig dispensasjon for utdanningskravet. Det er mange som pr. telefon ber om råd på lov og forskrifter og elles andre barnehagefaglege spørsmål.

Resultatområde 42 - Familierett

Det vert gjeve 188 separasjonsløyve, ein auke på 1 frå året før. 148 skilsmisseløyve i 2001 er 11 fleire enn i 2000. Det vart godkjent 18 utanlandske skilsmisser.

Resultatområde 43 – Krisetiltak

Etter søknad og vurdering har vi utbetalt statstilskott på kr. 1.212.230 til Krisesenteret i Sogn og Fjordane.

Resultatområde 44 – Familievern

Fylket har 2 fylkeskommunale familiekontor og 1 familiekontor eigd av Bjørgvin bispedømmeråd med driftsavtale med Sogn og Fjordane fylkeskommune. Det er i 2001 utført eitt tilsyn med kvart av kontora, som er i samsvar med krava. Det er ikkje funne avvik eller merknader ved drifta av kontora. Det er sendt eigen årsrapport til Barne- og familidepartementet.

Fylkesmannen har godkjent 2 nye meklarar i 2001. Det er løvvde midlar til kompetansetiltak for meklarar tilsett ved familiekontora.

Resultatområde 45 – Barnevern

Det har vore ein liten auke i talet på barn som er melde til barnevernet i 2001 i høve til 2000. Tal barn som er plassert utanfor heimen har auka vesentleg. I 2000 var 110 born plassert utanfor heimen. Tala for 2001 syner 135, av desse er 108 plasser i fosterheimar. For 2001 har det vore ein klar nedgang på saker som ikkje har vore ferdighandsama innan dei tidsfristar barneverntenesta er sett til å halde.

Fylkesmannen har i 2001 gjennomført forvaltningstilsyn i 8 kommunar. Føremålet med tilsyna har vore å vurdere om kommunane har tilfredstilande styring med handteringa av meldingar til barneverntenesta. I 2001 har Fylkesmannen gitt 11 avvik og 14 merknadar. Avvika har omhandla til dels svært alvorlege forhold, der rettstryggleiken til barn har vore svekka.

Det har vore ein auke i tal tilsynsbesøk på institusjonar i 2001. Fylkesmannen har førd tilsyn med 14 einingar, 3 fylkeskommunale og 11 private tiltak. Av dei pålagde tilsynskrav på 60 besøk, er 50 gjennomførde. Målloppnåinga er det same som for 2000, 83%.

Fylkesmannen har gjennomført 2 fagseminar for tilsette i fylkeskommunen og kommunane. ”Kompetanseutvikling og utprøving av nettverksmetodikk i arbeid med ungdom” var eit 3 x 2 dagars seminar med ca. 50 deltakarar. Seminaret var i regi av embetet og i samarbeid med Barnevernets utviklingscenter på Vestlandet. ”Seksuelle overgrep mot barn” var det andre seminaret kor det var ca. 40 deltakarar.

Fylkesmannen har handsama 14 saker der adopterte barn ønskjer opplysningar om sine biologiske foreldre.

Resultatområde 46 – Foreldrerettlejing

Det har vore ikkje opplæringstilbod for foreldrerettleiarar i 2001.

Resultatområde 47 – Gjeldsrådgjeving

Fylkesmannen har peika ut kontaktperson i embetet for gjeldsrådgjeving. I samarbeid regionrådgjevar hjå Fylkesmannen i Hordaland arrangerte vi 2 dagars kurs i økonomisk rådgjeving for 12 tilsette i kommunane.

Resultatområde 48 - Opningstidslova

I 2001 kom det inn 18 saker, mot 27 saker i 2000. Av desse var det 15 søknader om dispensasjon frå opningstidene som er fastsette i lova, medan 1 sak galdt søknad om godkjenning som ”typisk turiststed”. Dispensasjonssakene vart handsama fortløpande.

Justisdepartementet

Resultatområde 51.1 – Stiftingar

I 2001 vart det registrert totalt 133 saker, mot 117 i 2000.

Av dei innkomne sakene var det 13 søknader om omdanning – av desse 9 saker om oppløysing. Det vart gjort 14 klassifiseringsvedtak. 53 reknerekneskap vart gjennomgått. Gjennomgangen gav ikkje grunnlag for nærmare undersøkingar av stiftingar si forvaltning og drift. Det vart såleis ikkje i nokon av sakene vurdert å setje i verk gransking/undersøking av styret si forvaltning av stiftinga.

Resultatområde 51.2 – Overformynderi/verjemål

Det kom inn 33 saker i 2001, mot 35 i 2000. Av desse galdt 29 saker overformynderia, hovudsakleg overformynderirekneskap, 2 saker galdt klager på overformynderivedtak og 3 saker var av generell karakter.

Resultatområde 51.3 – Forliksråda

Fylkesmannen har handsama ein klage på kritikkverdige tilhøve i forliksråda. Vi har vore medansvarleg for arrangering av kurs i samarbeid med SFFH der Fylkesmannen hadde ansvaret for formidling av invitasjon og påmeldingar. Det er elles oppnevnt nye medlemmer ved 2 suppleringsval.

Resultatområde 51.4 – Tilsynsråd for fengsla

Tilsynsrådet for Vik hjelpefengsel har gjennomført 2 tilsyn i fengselet i 2001.

Resultatområde 52.1 – Fri rettshjelp

Det kom inn totalt 587 saker om fri rettshjelp i 2001 (586 året før), av desse er 21 saker av generell karakter (td. oversendingar til SI og orienteringsskriv). Fylkesmannen har totalt handsama 560 søknader. Av desse vart 55 avslått. 25 vedtak var påklaga og departementet stadfesta 24 og omgjorde eitt av vedtaka.

Ved rapporteringa er ikkje søknader om tilleggsloyving rekna som eiga sak. Vedtak om eigendel og salærttilvising er ikkje rekna som eiga sak. Søknader som berre er delvis innvilga er ikkje rekna som avslått. Vedtak om fråfall av tilleggsdel (innvilga eller avslått) er ikkje rekna som eigne saker.

Sakshandsamingstida har ikkje for nokon sak overstige 2 månader utan at dette har hatt samanheng med manglar i søknaden og innhenting av opplysningar eller merknader frå søkeren.

Resultatområde 52.2 – Valdsoffererstatning

Det kom inn 33 nye saker i 2001, mot 17 i 2000. Pr. 31.12.00 hadde seksjonen 12 saker under handsaming.

I 2001 vart det avgjort 29 saker, mot 16 i 2000, og det vart utbetalt kr 1 067 372,50 i erstatning til valdsoffer. Ved årsskiftet var det 16 saker som ikkje var avgjort.

Målsetjinga for 2001 var at søknader om valdsoffererstatning skulle vere avgjort innan 2 månader etter at sakene var ferdig utgreidde. Dette siktemålet vart i hovudsak nådd.

Resultatområde 52.3 – Namnelova

Det kom i 2001 inn og vart handsama 57 saker etter namnelova, mot 67 i 2000.

Resultatområde 52.4 – Tomtefestelova

Det vart i 2001 gjort 1 vedtak om innløysing av festetomt, og det kom inn 1 klage på vedtak om innløysing.

Resultatområde 52.5 – Oppnemning av settedommarar

Det kom i 2001 inn og vart handsama 12 saker om slik oppnemning.

Resultatområde 52.6 – Dekningslova

Det kom ikkje inn slike saker til handsaming i 2001.

Resultatområde 52.7 – Kommunale politivedtekter

Det kom ikkje inn slike saker til handsaming i 2001.

Resultatområde 53 – Konfliktråd

Konfliktrådet mottok 104 saker i 2001 mot 204 året før. Nedgangen skuldast i første rekke at stillinga som konfliktsrådsleiar stod ledig frå april til september. Av dei innkomne sakene var 54 straffesaker og 50 sivile saker. Gjennomsnittleg sakshandsamingstid var 35 dagar noko som er ein auke med 4 dagar frå året før og som også har sine bakgrunn i at konfliktrådsleiarstillinga har stått ledige i fleire månader.

Fylkesmannen har hatt jamnelege kontakt med konfliktsrådsleiaren. Rekneskap, statistikk og statusrapport vert gjeve i eigen rapport om Konfliktrådet til Justisdepartementet.

Resultatområde 55 – Sårbarheitsreduserande tiltak – sivil beredskap

Fylkesmannen har prioritet, mellom anna gjennom tilsyn, å skaffa seg ein oversikt når det gjeld kvaliteten på ROS-analysane i kommunane. Dette har avdekkja behov for oppdatering innan bruk av metodikken i fleire kommunar. Dette er planlagt gjennomført i 2002. ROS metodikken er også blitt presentert for regionale statsetatar, mellom anna Statens vegvesen, i 2001.

Innan BIS (beredskap i samfunnsplanlegginga) er embetet i ferd med å gjennom sine rutinar i forhold til kommunane. Av konkrete tiltak som skal gjennomførast i 2002, kan nemnast skulering innan beredskap av planforvaltarar/tilsvarande.

Satsinga omkring innføring av ny lov om helsemessig og sosialberedskap har ikkje kome i gang i 2001. m.a. fordi Fylkeslegen har venta på faglege retningsliner for korleis dette arbeidet skal gjennomførast.

Resultatområde 56 – Krisehandtering - sivil beredskap

Øving av fylkesmannens fredskrisestab vart utsett til 2202. DSB gjennomførte ei øving av leiargruppa 18.okt. Øving i kommunane er gjennomført for 13 av totalt 26 kommunar. Dette i samsvar med plan.

Oppgåver i samsvar med gjevne pålegg frå NHD er gjennomført innan intensjonen. Arbeidet med SBS (sivilt beredskapssystem) er starta opp og gjennomført i samsvar med framdriftsplanen til DSB. Det er ikkje gjennomført møte med politiet der temaet utelukkande har vore samordningsfunksjonen, pga omfattande endringar i politiet si organisering i fylket. Møte med ny politimeister vil bli gjennomført i 4. kvartal 2002.

Oppgåver i forhold til forvaret er gjennomført i 2001. Unnataket er Fylkesmannen si ajourføring av ressursdatabasen innan bygg- og anleggsberedskapen. Dette er ikkje gjennomført. Eit konkret behov frå forvaret er heller ikkje motteke for 2001.

Oppgåver innan atomberedskap er gjennomført i 2001.

Resultatområde 57 – Kvalitetssikring av beredskapsarbeidet

Alle oppgåver er gjennomført i samsvar med krava. Vi gjennomfører ein tilsynsmodell der formøte og tilsyn er lagt til same dag, av omsyn til ressursbruken. Ordninga reknast som godt nok i forhold til gjeldande krav/forventningar til tilsyna.

Resultatområde 58 – Sivilforsvaret

Oppgåvene er gjennomført i samsvar med krav, med unntak av at krinspersonell ikkje er involvert i ROS-arbeid i kommunane. Krinspersonell er ikkje gitt kompetanse innan området tidlegare. Fylkesmannen si vurdering at det ikkje er tenleg å inkludera krinsane i ROS-arbeid før framtidig organisering av sivilforsvaret/fylkesmannen si rolle i forhold til krinsane er avklåra.

Kommunal- og regionaldepartementet

Resultatområde 61 – Kommuneøkonomi og samordning

Resultatområde 61.1 - Økonomiforvaltning

Fylkesmannen har ytt fagleg støtte til dei kommunane som innførte KOSTRA i 2001, i tillegg til generell KOSTRA-støtte. Vi har også hatt informasjonssamling for dei som skulle rapportere KOSTRA-data for første gong. Det vart etablert arbeidsgruppe med mål å få kommunane til å ta i bruk KOSTRA-data i interne styringsdokument som budsjett, økonomiplan, årsmelding m.m. Det vart utarbeidd metode og eksempel på analyse og bruk av KOSTRA-data .

I 2001 vart det vesentlege endringar i oppgåvene på området kommuneøkonomi. Kommunelova vart endra på området som gjeld kommuneøkonomi, og det kom nye forskrifter frå 1.1.2001. Endringa medfører mindre grad av automatisk kontroll med kommunale økonomivedtak. Vi skal også melde frå til departementet om kommunar som skal innførast i eit nytt register for kommunar som er underlagt statleg kontroll, ROBEK. 5 kommunar vart meldt inn frå Sogn og Fjordane i 2001. 2 kommunar måtte gjere endringar før budsjetta vart godkjende. 2 kommunar vart meldt ut att av ROBEK i løpet av året og 2 nye kommunar kom til.

Vi har handsama 7 søknader om kommunale garantiar, i tillegg har vi handsama 26 søknader om godkjenning av låneopptak frå dei kommunane som står oppført i ROBEK.

Resultatområde 61.2 – Samordning

Vi har gjennomført 13 kommunebesøk, både på eige initiativ og på oppmøding frå kommunane. Det har vore nyttige møte, der konkrete problemstillingar har vorte drøfta. Kommunane nytta også høvet til å presentere seg og sine fortrinn. Det syner at kreativiteten er stor i kommunane når det gjeld i finne løysingar på tenestetilboda i vanskelege økonomisk tider. Vi har også hatt møte med kommunar som har hatt særlege samarbeidsproblem å løyse.

Vi har hatt 2 kommunekonferansar i 2001. Ein konferanse over 2 dagar der m.a. vi hadde ein presentasjon av kommuneopposisjonen for 2002. Konferansen var i samarbeid med FK, KS og andre statlege etatar. Den andre konferansen vart halden samstundes som statsbudsjettet vart lagt fram. Det er positive tilbakemeldingar på at kommunane får denne informasjonen så snart etter at statsbudsjettet er presentert. Det er derfor viktig at vi får kjennskap til innhaldet noko før, eller at departementet lagar til informasjon med lysark som kan nyttast. Dette vart gjort i 2001, og det var svært godt tilrettelagt.

Det vart også utarbeidd felles formidlingsbrev til kommunane.

Resultatområde 61.3 – Kommuneinndeling

Vi har leia prosjekt om kommunesamanslåing av kommunane Hyllestad, Askvoll og Fjaler – HAF-prosjektet. KRD har ytt kr. 500.000 i støtte til utgreingsarbeidet. Telemarkforsking v/Karl Gunnar Sanda har oppdrag å leggje fram rapport med utgangspunkt i vedteken prosjektplan. Det har vore halde 5 møte i styringsgruppa i 2001. Endeleg rapport skal ligge føre 1. april 2002.

Det kom inn 2 saker om kommuneinndeling i 2001. Den eine galdt retting av koordinatfeil i tidlegare fastsett kommunegrense og er avslutta. Den andre, som ikkje er avslutta, gjeld også tidlegare fastsett kommunegrense, men der det er behov for grensegangsk for jordskifteretten fordi delar av kommunegrensa skal følgje eigedomsgrenser som ikkje er fastlagde.

Resultatområde 62 – Lovlegheitskontroll og rettleiing

Det vart i 2001 handsama 5 saker om lovlegkontroll etter kommunelova § 59. I 3 av sakene var det sett fram krav om lovlegkontroll/klage etter kommunelova § 59 nr. 1, medan det i 2 av sakene vart gjennomført slik kontroll av eige tiltak etter kommunelova § 59 nr. 5

Det har tidlegare vore særskilte rapporteringskrav til Kommunal- og regionaldepartementet for saker om lovlegkontroll. For 2001 har departementet opna for at denne rapporteringa i staden kan gjerast i Fylkesmannen sin årsrapport. Dette er ei tenleg forenkling som vil følgjer opp her, og der sakstala er desse:

1) Lovlegkontroll etter kommunelova § 59 nr. 1:

- a) Tal saker der det er gjort vedtak i 2001: 3
- b) Tal saker der avgjerdene vart oppretthaldne: 2
- c) Tal saker der avgjerdene vart kjent ulovlege: 1

2) Lovlegkontroll etter kommunelova § 59 nr. 5:

- a) Tal saker der det er gjort vedtak i 2001: 2
- b) Tal saker der avgjerdene vart oppretthaldne: 2
- c) Tal saker der avgjerdene vart kjent ulovlege: 0

Fylkesmannen sitt generelle rettleiingsansvar overfor kommunane i kommunalrettslege spørsmål vart gjennomført fortløpande. I samband med stortingsvalet hausten 2001 vart det i samarbeid med fylkeskommunen og Kommunenes Sentralforbund arrangert valkonferanse for kommunane i mai 2001. På valdagen i september etablerte vi dessutan vakttelefon som kommunane kunne nytte fram til vallokala stengde for spørsmål m.v. i samband med avviklinga av valet.

Resultatområde 63 – Regelverksforvaltning/klagebehandling

Resultatområde 63.1 – Saksbehandling

Også for Fylkesmannen si saksbehandling etter plan- og bygningslova og andre særlover har det gjennom fleire år vore særskilte rapporteringskrav, og då både til Kommunal- og regional-departementet og til Miljøverndepartementet.

For 2001 har Kommunal- og regionaldepartementet opna for at også denne resultatrapporteringa kan takast inn i Fylkesmannen sin årsrapport. Dette er ei tenleg forenkling som vi følgjer opp her, og der sakstala er desse:

1. Klagesaker etter plan- og bygningslova (tbl) - byggjesaksdelen - dvs. at klager på vedtak etter
tbl §§ 17-2, 27-2 nr. 1, 28-2 og 33 ikke er med:

1.1 Klagesaker der Fylkesmannen har gjort vedtak i 2001:

- | | |
|---|------|
| a) Tal innkomne saker i 2001 | : 72 |
| b) Tal vedtak gjort i 2001 | : 77 |
| c) Tal vedtak der underinstansen sitt vedtak vart stadfesta fullt ut ev. delvis: 42 | |

1.2 Fylkesmannen si saksbehandlingstid på klagesaker der det er gjort vedtak i 2001:

- | | |
|--------------------------|--|
| a) Lengste : 14 veker | |
| b) Gjennomsnitt: 9 veker | |

1.3 Gjenståande saker pr. 31.12.01: 8

2. Saker etter kapittel VIII (oreigning) i plan- og bygningslova og oreigningslova §§ 2 og 25:

2.1 Saker der Fylkesmannen har gjort vedtak i 2001:

- | | |
|--|-------------------------|
| a) Innkomne saker i 2001 | : 6 |
| b) Tal vedtak Fylkesmannen har gjort som førsteinstans i 2001 | : 1 (2 saker
trekt) |
| c) Tal vedtak Fylkesmannen har gjort som klageinstans i 2001 | : 3 |
| d) Tal vedtak der underinst.sitt vedtak vart stadfesta fullt ut evt. delvis: 3 | |

2.2 Fylkesmannen si behandlingstid i sakene der det vart gjort vedtak i 2001:

- | | |
|----------------------------|--|
| a) Lengste 11, 0 veker | |
| b) Gjennomsnitt: 9,8 veker | |

2.3 Gjenståande saker pr. 31.12.01: 0

Fylkesmannen hadde i verksemndplanen for 2001 som særleg målsetjing at vår sakshandsamings-tid i klagesaker etter plan- og bygningslova ikke skulle overstige 3 månader. Denne målsetjinga vart i all hovudsak nådd. Når det gjeld talet klagesaker etter plan- og bygningslova, fekk vi i 2001 inn vesentleg fleire klagesaker til handsaming og avgjerd som settefylkesmann. I 2001 fekk vi 35 slike saker, mot 14 i 2000.

Det vart i 2001 handsama 1 sak etter lov om borettslag. Det kom i 2001 ikke inn saker etter lov om forkjøpsrett til leiegårder og lov om eierseksjoner.

Vi handsama i 2001 7 saker om dekking av sakskostnader etter forvaltningslova § 36.

Resultatområde 63.2 – Informasjon og rettleiing

Vår målsetjing i verksemndplanen for 2001 var å gje fortløpande informasjon og rettleiing til kommunar, private partar og andre brukarar om aktuelt lov- og regelverk. Dette vert gjennom-ført.

Vi utførte i 2001 ei kartlegging av kommunane sine behov for opplæring i lov- og regelverk. Av ressursomsyn fekk vi ikke gjennomført særlege opplæringstiltak overfor kommunane i 2001. Dette er vidareført i verksemndplanen for 2002.

Resultatområde 63.3 – Statsborgarsaker

Det kom inn og vart handsame 1 slik sak i 2001.

Sosial- og helsedepartementet

Resultatområde 71 – Rettleiing, kompetanseheving og informasjonsverksemد

Generell råd og rettleiing

Det meste av råd og rettleiing vert gjeve over telefon, og er i hovudsak spørsmål om tolking av lov og regelverk. I enkelte saker er det også ønske om meir løysingsorientert rettleiing.

Handlingsplan for sosialtenesta si førstelinje ”Kunnskap og brubygging”

Desse tilboda om opplæring/kompetansetiltak har vore gjennomførde i 2001

- 3 x 2 opplæringsdagar under temaet ”Forvaltning og brukarmedverknad” med 43 deltagarar
- Oppfølging, utvikling og forankring av faglege fora, 4 fora som kvar har hatt 4 møter, tal på deltagarar mellom 5 og 17
- Gjennomført motivasjonskonferanse med Per Arne Stolanowski som forelesar, 20 deltagarar
- Alle kommunane har tilbod om å delta i grupperettleiing med økonomisk tilskot frå Fylkesmannen
- I samarbeid med Høgskulen i Sogn og Fjordane arrangert rettleiarkonferanse med 100 deltagarar
- Gjennomført 2 lokale sosialleiarsamlingar med 15 og 16 deltagarar
- Delteke i planlegging av ein regional sosialleiarsamling
- Vore pådrivar for å få Høgskulen til å tilby kompetansehevande kurs innan rusfeltet

Samarbeidet med kompetansesenteret for rus har i all hovudsak vore i samband med denne handlingsplanen. Kompetansesenteret har konkrete oppdrag i fleire kommunar i fylket.

Rusfagleg forum, kor Fylkesmannen og Fylkeslegen har det faglege ansvaret, har i tillegg hatt eit 2 dagar kurs for tilsette i helse- og sosialtenesta saman med andre som arbeider med personar med rusproblem.

Sosialtenestelova kap. 6A

Saman med Vaksenhabiliteringa, spesialisthelsetenesta for personar med psykisk utviklingshemming, har vi delteke på kurs for tilsette i kommunane i opplæring på sosialtenestelova kap. 6A. Kommunane har såleis hatt tilbod om informasjon om og opplæring i kva krav lova set til den enkelte som arbeider med personar med psykisk utviklingshemming.

Oppfølging av Velferdsmeldinga

Det er inngått ny samarbeidsavtale mellom Fylkesarbeidskontoret (aetat), Fylkestrygdekontoret og Fylkesmannen kor vi har avtala 2 samarbeidsmøte pr. år. Vi har følgt opp dette samarbeidet i våre møte med kommunane, særleg knytt opp til ”Kunnskap og brubygging”.

Handlingsplan for eldreomsorga

I arbeidet med handlingsplanen er det etablert ei arbeidsgruppe der både Fylkesmannen og Fylkeslegen er med. Oppfølging av handlingsplanen for eldreomsorga er gjennomført i samsvar med krav frå Sosial- og helsedepartementet. Alle kommunar har fått utbetalt tildelt omsorgstenestetilskot, i alt kr 99.533.355. Skjønnstilskot er utbetalt med i alt kr 7,9 mill.

Det er bygt eller søkt tilskot til utbygging av 1457 omsorgsbustader og sjukeheimspllassar. Pr. 31.12.2001 var gjeve tilsegn om 900 einingar. 49 % er omsorgsbustader, 51 % sjukeheimspllassar.

På same tidspunkt er det søkt om tilskot til i alt 557 einingar – 255 omsorgsbustader og 302 sjukeheimspllassar. Av desse gjeld 168 auke av kapasiteten, 127 ombygging til einerom og 262 utskifting/utbetring av lite føremålstenleg bygningsmasse.

Handlingsplan for helse- og sosialpersonell

Det har vore eit nært samarbeid med organisasjonane for helse- og sosialpersonell, Høgskulen i Sogn og Fjordane, Sogn og Fjordane fylkeskommune, KS, Statens Utdanningskontor, Fylkeslegen og Fylkesmannen i arbeidet med å legge til rette opplæringstilbod for denne gruppa. Ei koordineringsgruppe frå desse instansane har handsama ”dei store linene” innanfor rekrutterings- og kvalifiseringsområda.

Opplæring av ufaglærte og etterutdanning for hjelpepleiarar/omsorgsarbeidarar er lagt til dei vidaregåande skular. I handlingsplanperioden 1998 – 2001 har det i alt vore 13 opplæringskurs for ufaglærde med 331 deltagarar og 5 etterutdanningskurs med 58 deltagarar. Tema for kursa i 2001 har vore psykiatri og geriatri.

Vi har eit nært samarbeid med Høgskulen i Sogn og Fjordane, som i 2001 har arrangert eit vidareutdanningskurs på 5 vekttal innan aldersdemens med 17 deltagarar. Vidare eit eindags etterutdanningskurs i kreftomsorg på stadane Førde (2), Eid, Sogndal og Fjaler. Deltakartalet varierte frå 31 til 58 på kvar plass. I alt har det vore 160 – 170 deltagarar. Det vart for midlane i 2001 finansiert eit etterutdanningskurs i rusfag med 3 kursdagar i Førde, Sogndal og Sandane med 35-40 påmelde deltagarar. Av ymse grunna vart starten utsett til januar 2002.

Opptrappingsplan for psykisk helse

Fylkeslegen har prosjektansvar for opptrappingsplanen for psykisk helse. Uttale til Husbanken i samband med tilskot til bygging av omsorgsbustader skjer i fellesskap mellom Fylkeslegen og Fylkesmannen. Fylkesmannen har utbetalt tilskota innanfor opptrappingsplanen i samsvar med innstilling frå Fylkeslegen.

Rettleiing til alkohollova

Råd og rettleiing til kommunar og verksemder vert for det meste gjeve pr. telefon.

Resultatområde 72 – Tilsyn og klagebehandling

Sosialtenestelova kap. 6A

Fylkesmannen har i år 2001 gjennomført 23 tilsyn i enkeltsaker der det vert gjort bruk av tvang og makt. Det er skrive rapport etter alle tilsyna som er sendt kommunen, pårørande, hjelpeverje og fylkeskommunen si spesialisteneste. Fylkesmannen gav pålegg i 8 av tiltaka, merknad til 7 tiltak, medan 8 tiltak var utan merknad.

Fylkesmannen overprøvde 11 vedtak om planlagte tiltak med bruk av tvang og makt.

Fylkesmannen mottok 2282 meldingar på 25 forskjellige personar om skadeavvergande tiltak i akutttilfelle. Det høge talet skuldast at det på ein person åleine, er registrert 1959 skadeavvergande tiltak. Kommunen har no fått godkjent omsorgsvedtak etter 6A for denne personen.

Det er ikkje motteke klager på vedtaka om bruk av tvang og makt i desse tilfellene.

Klagesakshandsaming

Fylkesmannen mottok 102 klagesaker etter sosialtenestelova kap. 4 og 5 og forskrift om eigen-betaling for opphold i institusjon – ein auke på 7 saker i høve til 2000. Totalt vart det handsama 101 saker. Av desse vart ca. 62 % stadfesta, 34 % oppheva/omgjort og 4 % avviste. 61,7 % av dei sakene som vart oppheva/omgjort galdt kap. 4. Det vart behandla i alt 39 saker etter kap. 4, og av desse vart 54 % oppheva/omgjort.

Gjennomsnittleg sakshandsamingstid i 2001 var 54,7 dagar. Fylkesmannen har i si service-erklæring til kommunane ”garantert” ei behandlingstid på maksimum 2 månader. Til saman 28 av dei 101 handsama sakene, dvs. 27,7 %, låg over denne grensa. For dei fleste sakene var det tale om overskridingar på nokre få dagar. Gjennomsnittleg sakshandsamingstid i kommunane var ca. 9 veker. Vi hadde ved årsskiftet ein restanse på 11 saker mot 10 ved utgangen av 2000.

Alkohollova

Det har vore handsama 4 klagesaker etter alkohollova. Det er gjeve 6 skjenkeløyve for skip og det er fastsett 7 skjenkegebyr.

Tilsyn

Aldersheimar

Fylkesmannen har ført tilsyn med 16 aldersheimar i 2001, det same som året før. Kravet i forskrifta er 2 tilsyn for året utført av 2 personar. Dette er 50 % av kravet, noko som også var vår interne målsetjing, pga at personell- og ressurs-knappheit. Vi fokuserte på inntaksprosedyre og vedtak, både for tildeling og eigenbetaling. Vidare såg vi på saksbehandling i samband med disponering av kontanttytingane for brukarane av aldersheimen. Vi bad om framlegging av dei 3 siste inntaksvedtaka med eigenbetalingsvedtak, det same for korttidsopphald, og rutinebeskriving for disponering av kontaktytingar.

I rapportane er det gjeve avvik der det er brot på reglar i lov eller forskrifter, og merknader på tilhøve som ikkje vert definert som avvik, men kor Fylkesmannen meiner det er naudsynt å påpeike at kommunen kan betre tenestetilbodet.

Funksjonshemma

Fylkesmannen førde tilsyn i 2 bustader der 2 barn under 18 år bur fast og med 14 avlastingsbustader for 21 born i same aldersgruppe. I alt har vi vore på tilsyn i 11 kommunar, måloppnåinga er 50 %. Alle bustadene har berre hatt eitt tilsynsbesøk, medan forskrifta seier to tilsyn årleg. Hovudinntrykket er at barna får eit tilbod som er i samsvar med lov, forskrifter og retningslinjer.

Tema for tilsynet var i 2001 inntaksprosedyrer for opphaldet og bruk av tvang i naudsituasjonar og rutiner i denne samanheng. Vi ba om kopi av tildelingsvedtaket for det enkelte barn, sameleis rutinebeskriving nå det galldt tvang og eventuelle tvangsprøtakoll.

Det vert gjeve avvik ved brot på lov eller forskrifter og merknad for tilhøve som ikkje vert definert som avvik, men som Fylkesmannen meiner det er naudsynt å peike på slik at kommunen kan betre tenestetilbodet.

Rusinstitusjon

Fylkesmannen fører tilsyn med ein rusinstitusjon. Kravet her er 4 tilsynsbesøk. Vi har prioritert dette, og har her full måloppnåing. Fylkesmannen har ikkje funne tilhøve som gjev grunn til merknader.

Resultatområde 73 – Tilskotsforvaltning m.v.

I 2001 vart 4 øyremerka statlege tilskot kanaliserete gjennom Fylkesmannen.

Omsorgstenestetilskotet (til saman 99,5 mill) vart etter konkrete vurderingar utbetalt alle kommunane I tillegg vart 7,9 mill. tildelt kommunane etter skjønn. 4 millionar av dette var kompensasjon for tidlegare utbygging av omsorgsbustader og sjukeheimspllassar.

Tilskotet gjennom opptrappingsplanen for psykisk helse (til saman 23,9 mill.) vert utbetalt gjennom Fylkesmannen – Fylkeslegen har prosjektansvaret. Alle kommunane har fått tilskot.

Tilskotsordninga til utskriving av unge funksjonshemma frå institusjon har eksistert sidan 1995/96, og vert kanalisert gjennom Fylkesmannen. Ordninga vil bli avvikla i 2002. Tilskotet vert utbetalt over 3 år, og vart auka til 1 mill kr pr. brukar frå 1999. I 2001 mottok vi ingen søknader om tilskot, men utbetalte 3 andre-års tilskot a kr 300.000 og 3 tredje-års tilskot a kr 300.000 – til saman 1,8 mill kr..

Handlingsplan for helse- og sosialpersonell. Fylkesmannen og Fylkeslegen har samarbeidd med Fylkeskommunen og Høgskulen gjennomført kurs og har formidla slik statstilskota:

- Opplæring for ufaglærde eldreomsorg og psykiatri, kr. 475.171

- Etter- og vidareutdanning for personar med 3-årig vidaregåande opplæring, kr. 275.099.
- Kurs innan rusomsorg og kreftomsorg for høgskuleutdanna personell, kr. 161.058

Andre saksområde som ikkje er nemnde i tildelingsbrevet

Trudoms- og livssynssamfunn:

Høyrer under Kirke-, utdannings- og forskningsdepartementet.

Det kom i 2001 inn 16 saker, inkl. søknader om tilskot. Det vart registrert eit nytt trudomssamfunn i fylket i 2001. I samsvar med tildelingsbrevet har vi følgjande oversyn over samfunn som har søkt tilskot, medlemstal og utbetalt tilskot (statstilskot for 2001 var kr 231,- pr. medlem)

Registrerte:

Namn	Stad	Medl. tal	Tilskot
Filadelfia Stryn	6880 Stryn	16	3.696,-
Pinsemenigheten Sion	6866 Gaupne	85	19.635,-
Pinsemeingheten Filadelfia	6900 Florø	79	18.249,-
Sandane Kristne Senter	6823 Sandane	77	17.787,-
Pinsemenigheten Filadelfia	6750 Stadlandet	74	17.094,-
Kristkyrkja Førde/Florø	6940 Eikefjord	49	11.319,-
Menigheten Sion	6823 Sandane	74	17.094,-
Baptistane i Førde	6800 Førde	(ikkje motteke søknad)	
"Fisken" Kristne Senter	6762 Almenningen	(ikkje motteke søknad)	
Vågsøy pinsemenighet	6700 Måløy	(ikkje motteke søknad)	

Samla registrerte: 454 104.874,-

Uregistrerte:

Førde Pinsemenighet 6800 Førde 29 6.699,-

Samla alle samfunn: 483 111.573,-

I 2000 vart det utbetalt tilskot for 500 medlemmar med kr 103.149,-. Det er i 2001 ikkje kome inn eller handsama klager på tilskot. Det kom i 2001 ikkje inn saker frå registrerte trudomssamfunn om å få ha eigen kyrkjegard, jf. trudomssamfunnslova § 18, 1. ledd.

Gravferdslova:

Høyrer under Kirke-, utdannings- og forskningsdepartementet.

Det kom inn 5 saker etter gravferdslova, mot 6 i 2000. Det vart gitt 4 løyve til spreiing av oske etter avlidne. 2 av desse sakene gjeld forhandsløyve til spreiing av oske.

Klagesaker etter veglova:

Høyrer under Samferdselsdepartementet.

I 2001 kom det inn 2 klagesaker, medan det kom inn 1 sak i 2000.

Sakene vart handsoma fortløpande.

Klagesaker etter delingslova:

Høyrer under Miljøverndepartementet.

Det kom inn og vart handsoma 7 slike saker i 2001.

Saker om legalisering av dokument med "Apostille":

Høyrer under Utenriksdepartementet.

Det kom inn 46 saker i 2001, mot 55 i 2000. Protokollen viser at det vart påført apostille på 97 dokument i 2001.

4. Ressursbruk

4.1. Samla for embetet

	Forbruk 2000	Rev. budsjett 2001	Forbruk 2001	Endring + auke/- reduksjon
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane 2001				
Tildeling	37.553.477	38.023.000	38.023.000	0
Eksl. Norge.no	-3.000.000	-3.000.000	-3.000.000	0
Eksl. Idun/Fylkesmannen.no	-450.000	-2.100.000	-2.100.000	0
1% midlar til sentrale tiltak	-98.491	-328.630	-3.150	325.480
-Under/+Overskot frå 2000	152.456	35.842	73.958	38.116
Ekstra kompensasjon lønsoppgjeret	535.237	40.995	265.000	224.005
Midlar til drift IT og ØK-stilling gamle 1510	4.712	0	0	0
Forventa tildeling KOSTRA	430.000	403.000	423.000	20.000
Overhead diverse prosjekt	1.376.755	1.242.000	1.477.948	235.948
Refusjon husleige/drift bygningar	4.189.279	4.322.000	4.075.340	-246.660
Diverse refusjonar IT-drift	256.800	370.000	311.585	-58.415
Klagehandsaming etter alkohollova	182.000	182.000	151.000	-31.000
Ref. drift tlf.sentralen	60.000	60.000	60.000	0
Diverse refusjonar	3.627.986	1.468.000	2.116.697	648.697
Ekstra tildeling kompetanseutvikling	40.000	0	0	0
Inntekter teknisk divisjon	556.621	550.000	502.530	-47.470
Til disposisjon	45.416.832	41.268.207	42.376.908	1.108.701
Lønsutgifter faste ord.stillingar inkl. arb.g.avg.	28.273.162	29.019.065	29.264.158	245.093
Refusjonar fødselspengar	-156.575	-1.044.286	-1.019.020	25.266
Refusjonar sjukepengar	-501.160	-238.081	-487.146	-249.065
Refusjonar arbeidsmarknadstiltak	-33.190	0	0	0
Til andre driftsutgifter	17.834.595	13.531.508	14.618.916	1.087.408
Andre driftsutgifter:	17.815.663	13.527.500	14.746.156	1.218.656
Maskiner, inventar og utstyr	1.370.656	830.000	1.259.369	429.369
Forbruksmateriell	625.033	565.000	610.915	45.915
Reiseutgifter	4.004.400	2.932.500	2.847.959	-84.541
Kontortenester	1.954.545	1.700.000	1.769.080	69.080
Konsulenttenester	1.742.889	564.000	904.605	340.605
Vedlikehald og drift av maskiner	1.007.793	510.000	376.471	-133.529
Vedlikehald av bygg og anlegg	162.554	50.000	68.526	18.526
Bygningar, drift og vedlikehald	6.947.793	6.376.000	6.909.229	533.229
-underskot/ +overskot	18.932	4.008	-127.240	

Sett under eitt hadde embetet i 2001 eit underskot i 2001 på kr. 127.240-. For nærmare kommentarar, sjå dei følgjande punkt.

4.2. Leiing, administrasjons- og kommunalavdelinga

Adm/Kom eksl.prosjekt.	Forbruk gamle 1510 2000	Rev. budsjett 2001	Forbruk 2001	Endring + auke/- reduksjon
Tildeling	15.839.946	18.005.000	18.005.000	0
Eksl. Norge.no	-3.000.000	-3.000.000	-3.000.000	0
Eksl. Idun/Fylkesmannen.no	-450.000	-2.100.000	-2.100.000	0
1% midlar til sentrale tiltak	117.664	-128.450	155.780	284.230
-Under/+Overskot frå 2000	169.630	70.865	109.000	38.135
Ekstra kompensasjon lønsoppgjeret	229.766	0	117.405	117.405
Midlar til drift IT og ØK-stilling gamle 1510	446.759	463.600	463.600	0
Midlar til drift rådgivar gamle 1510,	315.000	328.200	328.200	0
Forventa tildeling KOSTRA	430.000	403.000	423.000	20.000
Overhead diverse prosjekt	1.376.755	1.242.000	1.477.948	235.948
Refusjon husleige/drift bygninger	3.269.089	3.342.000	3.074.283	-267.717
Diverse refusjonar IT-drift	256.800	370.000	311.585	-58.415
Klagehandsaming etter alkohollova	182.000	182.000	151.000	-31.000
Ref. drift tlf.sentralen	60.000	60.000	60.000	0
Diverse refusjonar	300.000	0	337.222	337.222
Til disposisjon	19.543.409	19.238.215	19.914.023	675.808
Lønsutgifter faste ord.stillingar inkl. arb.g.avg.	11.396.031	12.070.219	12.126.540	56.321
Refusjonar fødselspengar	-127.481	-571.865	-532.171	39.694
Refusjonar sjukepengar	-118.427	-50.000	-95.697	-45.697
Til andre driftsutgifter	8.393.286	7.789.861	8.415.351	625.490
Andre driftsutgifter:	8.322.421	7.786.000	8.596.327	810.327
Maskiner, inventar og utstyr	742.272	500.000	718.844	218.844
Forbruksmateriell	347.136	335.000	391.351	56.351
Reiseutgifter	1.254.606	1.000.000	1.006.720	6.720
Kontortenester	954.407	968.000	1.062.996	94.996
Konsulenttenester	173.668	152.000	405.332	253.332
Vedlikehald og drift av maskiner	180.830	240.000	139.977	-100.023
Vedlikehald av bygg og anlegg	161.789	50.000	68.526	18.526
Bygningar, drift og vedlikehald	4.507.713	4.541.000	4.802.581	261.581
-underskot/ +overskot	70.865	3.861	-180.976	

Oversikta viser at eit underskot på den ordinære drifta på kr 180.000,-.

I løpet av 2001 auka inntektene totalt med kr 675.808,- i høve til rev. budsjett. Vi fekk i løpet av 2001 ekstra inntekter gjennom kompensasjon for lønsoppgjeret med kr 117.000,- og overskot frå 2000 på kr 109.000,-. Vi fekk også ekstra inntekter som overhead (Opplysningsstenesta , HAF-prosjektet og AREALIS). Refusjon husleige/drift bygninger vart mindre enn forventa. Ved endeleg sluttoppgjer viser det seg at vi har henta inn kr 234.000,- for lite i 2001, som vil kome inn på budsjettet for 2002. Refusjon IT-drift vart mindre enn forventa. Diverse refusjonar har auke med 337.000,-.

I løpet av året har utgiftene auke med kr 810.327,- i høve revidert budsjett. Maskiner, inventar og utstyr har auke med kr 218.000,-. Kr 160.000,- av desse skuldast etablering av Opplysningsstenesta. Ca kr 80.000,- skuldast Sikkerheitsprosjektet på IT-sida. Dette er midlar vi ikkje har fått refundert.

Konsulenttenester er kr 253.000,- større enn budsjettet. Dette skuldast at Fylkesmannen etter avtale overførte kr 250.000,- til prosjektet Nett.no frå fellespotten til utviklingsprosjekt (1% av samla budsjett).

Bygningar, drift og vedlikehald viser ein auke på kr 261.000,-. Dette skuldast at vi har underbudsjettet på dette området. Mellom anna har dei kommunale utgiftene auka kraftig dei siste åra. Forbruk straum og husleige låg og over det budsjetterte.

Administrasjonsavdeling og kommunalavdelinga har til saman hatt eit overforbruk på kr 71.000,- på posten overtid. Administrasjonsavdelinga har hatt mykje overtid i samband med avlevering arkiv til statsarkivet, til ulike IT-prosjekt og sikkerhetsprosjektet. På kommunalavdelinga har sosial- og familieseksjonen og beredskap brukt noko overtid

Reiseutgifter inkl. kompetansemidlar viser eit overforbruk på kr 49.000,-. På avdelingsvise kompetansemidlar har begge avdelingane hatt eit underforbruk. Dei sentrale kompetanseutviklingsmidlane på kr 36.000,- som var avsett er nytta. Resten av midlane er sett på gjennomgangskonto for bruk i 2002.

4.3. Miljøvernavdelinga

Miljøvernavdelinga	Forbruk 2000	Budsjett 2001	Forbruk 2001	Endring + auke/- reduksjon
Tildeling	8.015.531	6.730.000	6.730.000	0
1% midlar til sentrale tiltak	-80.155	-67.300	-52.300	15.000
-Under/+Overskot frå 2000	0	-26.981	-27.000	-19
Krav om innsparing	-55.000	0	0	0
Ekstra kompensasjon lønsoppgjeret	115.110		47.511	47.511
Midlar til drift IT og ØK-stilling gamle 1510	-442.047	-463.600	-463.600	0
Ekstra tildeling av fagmidlar samt anna ref.	371.303	0	220.642	220.642
Til disposisjon	7.924.742	6.172.119	6.455.253	283.134
Lønsutgifter faste ord.stillingar inkl. arb.g.avg.	5.477.294	5.694.473	5.799.063	104.590
Refusjonar fødselspengar	-19.557	-258.421	-270.418	-11.997
Refusjonar sjukepengar	-205.019	-48.081	-249.965	-201.884
Til andre driftsutgifter	2.672.024	784.147	1.176.573	392.426
Andre driftsutgifter:	2.697.891	784.000	1.175.631	391.631
Maskiner, inventar og utstyr	173.800	0	155.935	155.935
Forbruksmateriell	28.791	0	24.670	24.670
Reiseutgifter	852.240	572.000	605.019	33.019
Kontortenester	216.777	0	52.616	52.616
Konsulenttenester	1.410.694	207.000	331.936	124.936
Vedlikehald og drift av maskiner	2.219	0	2.656	2.656
Bygningar, drift og vedlikehald	13.370	5.000	2.800	-2.200
-underskot/ +overskot	-25.867	147	942	

Oversikta viser avdelinga gjekk i balanse.

Inntektene auka med kr 283.000 i løpet av året. Avdelinga fekk kompensasjon for lønsoppgjeret på kr 47.000,- og ekstra tildeling fagmidlar samt andre refusjonar (t.d. midlar frå Fylkesveterinären til gyrotiltak). Avdelinga sitt sjukefråvær i 2001 var høgt. Det vart ikkje tilsett vikarar og dette medførte innsparingar

På driftssida auka utgiftene med kr 391.000 i høve budsjettet. Auken i driftsutgiftene må ein sjå i samanheng med auken i inntekter og auke i sjukepengerefusjonane.

Avdeling har kjøp inn noko IT-utstyr og har dekka forbruksmateriell og kontortenester som spesielt er relatert til avdelinga. Dei ordinære utgiftene på dette området er dekka over administrasjonen sitt budsjett. Auken i forbruket på konsulenttenester gjeld utgifter til fagmidlar og gyro.

Ordinær overtid viser eit overforbruk på kr 55.000,-. Dette skuldast at avdelinga har hatt høgt sjukefråvær og tilsette har jobba overtid.

Ordinære reiseutgifter viser eit overforbruk på kr 46.000.

Kompetanseutvikling viser eit underforbruk på kr 22.000,-.

4.4. Landbruksavdelinga

Landbruksavdelinga	Forbruk 2000	Rev.budsjett 2001	Forbruk 2001	Endring + auke/- reduksjon
Tildeling	13.698.000	13.288.000	13.288.000	0
Meir-/mindreforbruk 2000		-8.042	-8.042	0
1%-midlar			26.250	26.250
1% midlar til sentrale tiltak	-136.000	-132.880	-132.880	0
-Under/+Overskot frå 2000	37.826	0	0	0
Ekstra kompensasjon lønsoppgjeret	190.361	40.995	100.084	59.089
Midlar til drift rådgivar gamle 1510,	-315.000	-328.200	-328.200	0
Refusjon husleige/drift bygningar	920.190	980.000	1.001.057	21.057
Ekstra tildeling kompetanseutvikling	40.000	0	0	0
Diverse refusjonar	2.956.683	1.468.000	1.558.833	90.833
Inntening teknisk divisjon	556.621	550.000	502.530	-47.470
Til disposisjon	17.948.681	15.857.873	16.007.632	149.759
<hr/>				
Lønsutgifter faste ord.stillingar inkl. arb.g.avg.	11.399.837	11.254.373	11.338.555	84.182
Refusjonar fødselspengar	-9.537	-214.000	-216.431	-2.431
Refusjonar sjukepengar	-177.714	-140.000	-141.484	-1.484
Refusjonar arbeidsmarknadstiltak	-33.190	0	0	0
Til andre driftsutgifter	6.769.285	4.957.500	5.026.992	69.492
<hr/>				
Andre driftsutgifter:	6.795.351	4.957.500	4.974.197	16.697
Maskiner, inventar og utstyr	454.584	330.000	384.591	54.591
Forbruksmateriell	249.106	230.000	194.894	-35.106
Reiseutgifter	1.897.554	1.360.500	1.236.220	-124.280
Kontortenester	783.361	732.000	653.468	-78.532
Konsulenttenester	158.527	205.000	167.337	-37.663
Vedlikehald og drift av maskiner	824.744	270.000	233.839	-36.161
Vedlikehald av bygg og anlegg	765	0	0	0
Bygningar, drift og vedlikehånd	2.426.710	1.830.000	2.103.848	273.848
-underskot/ +overskot	-26.066	0	52.795	52.795

Oversikta viser avdelinga gjekk med overskot på ca. 52.000,-.

Inntektene auka med kr 150.000,- i løpet av året. Avdelinga fekk meir kompensasjon for lønsoppgjeret enn forventa, og inntektene auka i samband med refusjon husleige/drift bygningar og diverse refusjonar. Innteninga i teknisk divisjon var noko mindre enn forventa.

Auken i inntekter er fordelt mellom auke i lønsutgifter og andre driftsutgifter. Avdelinga har eit overforbruk på maskiner, inventar og utstyr samt bygningar, drift og vedlikehald. Dette skuldast av avdelinga tok kostnader med sikte på ny telefonsentral. Dei andre postane er det eit underforbruk på. Dette skuldast innsparing og overbudsjettering på mellom anna porto i samband med meirverdiavgiftsreforma.

På grunn av inndragning av stilling har avdelinga hatt relativt gode økonomiske rammer i 2001.

Vedlegg

FYLKESMANNEN I SGN OG FJORDANE - VERKSEMDPLAN 2001

Oppfølging serviceerklæringa pr. 31.12. 2001

Resultatområde:	Serviceerklæring				
Saksområde:	Sakshandsamingsfristar overfor kommunane				
Målsetting (fra VP):	Sjå kvar punkt nedanfor				

Saksområde/ delområde (jf. serviceerklæring til kommunane i 2001)	Tal inn- komne saker hittil i år + restansar førre år	Tal handsama (avslutta) saker hittil i år	Rest- ansar pr. dato	Sakshand- samingstid etter service- erklæringa	Tal saker hittil i år der fristane er overskridne
Klagesaker etter sosialtenestelova – 721.11	111	100	11	2 mnd	28 5)
Barnelovsaker	8	7	1	3 mnd	0
Rettshjelpsaker	607	454	153	1 mnd	0
Namnesaker	58	51	7	4 veker	0
Separasjons- og skilsmisseløyve	366	336	30	2 veker	1
Klage på vedtak etter plan- og bygningslova – 423.11 Klage	137	127	10	3 mnd	14 6)
Statstilskot til barnehagar – 611.1	59	59	0	1 mnd.	0
Søknader om BU-midlar til utgreiings- og tilretteleggingstiltak	106	106	0	8 veker (frå annonsert frist)	0
Søknader om avlingskadetrygd	20	17	3	4 veker	2
Tilskot til skogsdrift i vanskeleg terregn	81	77	4	4 veker	0
Tilskot til sjukeavløysing i landbruket	965	960	5	4 veker	0
Fordeling av tilskot til naturforvaltingstiltak m.v. (rundskriv MD-T-1/2000)	68	68	0	15. mars	0
Søknader om erstatning for rovdyrskader - Erstatningssaker - Skadefellingssaker	149 15 2)	136 15	13 0	Innan 31.12 1 veka	13 1) 0
Klage på vedtak etter kommunelova § 59 – 322.1	6	5	1	1 mnd.	0
Handsaming av søknader om lån og garantiar –333.1 – Lån	26	26	0	3 veker	
Handsaming av søknader om lån og garantiar –334.1 – Garanti	7	7	0	3 veker	
Innspel til saker etter plan- og bygningslova	395 (371 + 24)	363	32	Høyringsfrist	79 3)
Innspel om miljøvern- interesser i skogsvegsaker	47 4)	29 4)	18 4)	4 veker	4-5 4)

Fotnoter:

1. Alle tala gjeld 4.kvartal då dette er aktuelt tidspunkt for søknader/svar. Alle erstatningssakene der det vart gjeve erstatning (136) vart handsama og utbetalt innan fristen. Pga sjukefråver hos sakshandsamar er ikkje avslaga (13) ekspederte ut.
2. Berre ei ny sak i 4.kvartal. Inkluderer 7 søknader om fellingsløyve og 8 søknader om forlenging. Dei fleste har vore ekspedert på 0-1 dag. I tillegg kjem klagesaker (har vore handsama og vidaresendt til innan 3 veker – likevel ingen praktisk verdi då klagene har kome inn etter at fellingsperioden er over).
3. Fordelte slik: 1.kvartal: 35 saker, 2.kvartal: 17 saker, 3.kvartal: 15 saker, 4.kvartal: 12 saker. Tal saker og restansar skal vere korrekt, medan det pga ”forviklingar” med excelfila knyter seg noko uvisse til talet med fristoverskridinger (12) i 4.kvartal. Fristoverskridingerne i 4.kvartal er anten små eller avtalte. (Jf innskjerpa rutiner der serviceerklæringa alltid skal følgjast når det gjeld varsling/avtale med kommunen).
4. Tala gjeld berre dei tre første kvartala. Pga sjukefråver hos sakshandsamar (HM) har vi ikkje noko talmateriale for 4.kvartal. Det er mogleg at arkivet kan bidra med noko. Vidare noko usikkert pga at rutinene for føring ikkje var på plass før i 2.kvartal.
5. Kun 1 ny sak i 4. kv.
6. Ingen nye saker i 4. kv.

Rapportering pr resultatområde for 2001 - sjølvrapportering (skjema fra Aad)

Resultatområde	Alt utført i samsv. med krav	I stor grad utført i samsv. med krav	I liten grad utført i samsv. med krav	Ikkje utført/- aktuelt	Kryss av i aktuell rute. Kommenter ved behov
1	X				Svært omfattende resultatområde. Tunge krav/oppdrag er gjennomførde.
2	X				Lågt prioritert. Likevel få krav/oppdrag.
3			X		Ingen resultatkrav.
4	X				Resultatkrav gjennomført. Ikkje a jour med alle oppdraga.
5	X				Resultatkrava ikkje aktuelle før i 2005.
6	X				
7			X		Ingen resultatkrav.
8			X		Ikkje aktuelt.
9	X				Resultatområdet er sterkt prioritert.
10	X				
11	X				Jf at resultatkrav 41 er utsett til 2002.
21	X				
22	X				
23	X				
31	X				
41	X				
42	X				
43	X				
44	X				
45		X			
46			X		Svært lite konkrete krav. Har gjennomført kurs med Magne Raundalen om arbeidet med traumer hjå flyktingebarn.
47	X				
48	X				
51		X			
52	X				
53		X			
55		X			
56		X			
57	X				
58		X			
61		X			
62	X				
63	X				
71		X			
72			X		Ca. 75 % av klagesakene handsama innan 2 mnd., gjennomsnittleg sakshandsamingstid 55 dagar. Berre utført 50 % av tilsyna i aldersheimar og barne-/ avlastingsbustader . 100 % utført tilsyn i rusinstitusjon.
73		X			